

Geirmund Dvergsdal og Else Ragni Yttredal

Rapport nr. 47

**Effektevaluering av INU-FSF –
effektar for regionen,
kommunane og bedriftene**



MØREFORSKING



HØGSKULEN I VOLDA

Tittel	Effektevaluering av INU-FSF – effektar for regionen, kommunane og bedriftene
Prosjektleiar og forfattar	Geirmund Dvergsdal
Medforfattar	Else Ragni Yttredal
Sider	48
Årstal	2014
Prosjektnummer	17129
Prosjekttittel	Følgeevaluering av INU-FSF
Oppdragsgivar	INU-FSF (Den interkommunale Næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora)
Ansvarleg utgivar	Møreforsking Volda
ISBN	978-82-7692-333-9
ISSN	1891-5981
Distribusjon	http://www.moreforsk.no/volda.htm http://www.hivolda.no/fou
Nøkkelord	Forvaltning, regional utvikling, effektar, næringsutvikling

Denne rapporten omhandlar effektevaluering - undersøking av virkemiddelbruk og effektar. Effektevalueringa gjeld *Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift (INU-FSF)* – i perioden 2007–2013 i kommunane Førde, Florø og Sogndal. INU-FSF har i perioden 2007 – 2013 disponert omlag 250 millionar kroner. Desse har gått til regionale og bedriftsretta tiltak, hovudsakleg i dei tre kommunane. Styret for INU har engasjert Møreforsking AS til å evaluere tilskotsordninga for perioden 2007 – 2013. Prosjektet og rapporten har dette formålet: Undersøking av virkemiddelbruk og effektar av dette i perioden 2007 – 2013 i kommunane Flora, Førde og Sogndal.

© Forfattarar/Møreforsking Volda

Føresegne i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforsking Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Forord

Frå 2004 og til no har Sogn og Fjordane hatt midlar tilgjengelege knytt til ”Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgjevaravgift” (2013) (Programkategori 13.50 Kap. 551, post 61 i Statsbudsjettet). Frå 2004 til og med 2006 gjennomførte Møreforsking Volda og Møreforsking Molde ei landsomfattande følgjeevaluering av organisering og bruk av midlar i ordninga.

I 2011 vart det starta opp ei ny følgjeevaluering på oppdrag frå styret for midlane i Sogn og Fjordane, kalla INU-FSF (Den Interkommunale Næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora). Følgjeevalueringa har hatt eit tredelt mål: 1. Sjå på effektane av støtteordninga 2. evaluere organiseringa av ordninga og 3. meir generelt sjå nærrare på flaskehalsar for innovasjonsarbeidet i Sogn og Fjordane. I tillegg var målet å følgje opp effektevalueringa i 2012 og 2013. Rapporten frå den første delen, (Yttredal, E.R. et al- 2012) «Kvar trykkjer skoen? Om effektar, organisering og flaskehalsar i innovasjonsarbeidet i Sogn og Fjordane – Rapport nr 24» var ferdig i januar 2012.

Denne rapporten oppsummerer effektevalueringa som er gjennomført blant alle prosjekta som har fått støtte frå INU i perioden 2007 – 2013. Vi vil takke INU-styret for tilliten dei viste oss ved å gi oss oppdraget. Spesielt vil vi takke dei for at evalueringa opna opp for å sjå saka frå fleire sider, slik at det er mogleg å setje ordninga og effektane av denne inn i ein samanheng. Vi vil takke INU-bedriftene og andre som har teke seg tid til å stille opp til intervju i ein hektisk kvardag.

Volda, desember 2013.

Prosjektteamet ved Møreforsking AS

Geirmund Dvergsdal (prosjektleiar)

Else Ragni Yttredal

Siri Beate Gjerde

Innhold

Effektevaluering av INU- midlane – for regionen, kommunane og bedriftene	7
Samandrag.....	7
Oppsummering av funna.....	7
1.0 Innleiing.....	10
Bakgrunn	10
Regional utvikling	10
2.0 Effektgransking 2013 – gjennomføring og metode	13
Data og metode.....	13
Oversikt over råka bedrifter	14
Ei samla oppsummering av prosjektporlefølgjen - avslutta og igongverande prosjekt.....	15
Prosjektporleføljen etter satsingsområde	20
3.0 Resultat for bedriftene og regionane	22
Kva har INU- midlane vore nytta til?	22
Kompetanse og innovasjon i bedriftene	22
Resultat knytt til nyskaping og innovasjon.....	24
Etablering av nye bedrifter og sysselsetting	25
Styrking av kunnskapsgrunnlaget for lokal og regional utvikling.....	29
Regional og lokal effekt	30
Organisering og gjennomføring.....	30
Tettstadsutvikling og infrastrukturtiltak.....	35
Døme på bedriftsretta prosjekt.....	37
Satsing på reiseliv	40
4.0 Samla oppsummering av dei viktigaste funna	44
Ei overordna vurdering.....	44
Referanse.....	47

Effektevaluering av INU- midlane – for regionen, kommunane og bedriftene

Samandrag

Denne rapporten omhandlar effektevaluering - undersøking av virkemiddelbruk og effektar. Effektevalueringa gjeld *Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift (INU- FSF)* – her etter kalt INU i perioden 2007-2013 i kommunane Førde, Florø og Sogndal av midlar tildelt gjennom

Dei største bedriftene i Florø, Førde og Sogndal, i 2013 17 stykk, har høgare arbeidsgjevaravgift enn andre bedrifter i regionen (sone 1a, 10,6 prosent innanfor eit fribeløp, deretter 14,1 prosent). Meirkostnadene desse bedriftene har med bakgrunn i dette, vert ført tilbake til fylka som kompensasjon (kap. 551 post 61 på statsbudsjettet) og dannar utgangspunkt for midlane INU har tilgjengeleg. Vi kallar derfor desse bedriftene for INU-bedriftene og dette er eit sentralt omgrep i rapporten.

Resultata av 250 millionar utviklingskroner gjennom INU er mange. Effektane av midlane som er satsa gjennom 160 prosjekt vil i stor grad vere effektar fram i tid. Det same er tilfelle når det gjeld auka fokus på innovasjon og nyskaping i bedriftene, og av auka kompetanse og kunnskap. Effektane av meir attraktive tettstadar, profilering av kommunane og regionane, dyrke vertskapsrolla og ta godt hand om gründerane ligg også fram i tid og er i tillegg vanskeleg å måle.

Oppsummering av funna

Innatsfaktorar

- INU har løyvt 247 millionar kroner til 166 prosjekt i perioden 2007 – oktober 2013. Av desse er 48 bedriftsretta prosjekt og 118 regionale prosjekt. 46 søkjrarar har i perioden fått tildelt støtte frå INU, av desse har 33 fått løyvt støtte til to eller fleire prosjekt.
- Dei 48 bedriftsretta prosjekta har fått løyvt om lag 50 millionar kroner, dei 118 regionale prosjekta om lag 195 millionar kroner.
- Totalbudsjettet for dei løyvde prosjekta er på om lag 331 millionar kroner. Tilleggsfinansieringa er i stor grad eigenkapital og eigeninnsats.
- I gjennomsnitt har kvart prosjekt motteke om lag 1,5 millionar kroner i støtte frå INU. Dei regionale prosjekta er jamn over større enn bedriftsretta prosjekt.
- Nokre eksempel på store bedriftsprosjekt som har fått løyving i perioden: Fjordbase Investering i bygningsmasse og infrastruktur på Fjordbasen i Florø (15 millionar kroner), Havlandet Marin yngel: Utvikling av industriell produksjon av torskeyngel (til saman 10,2 millionar kroner), Sparebanken Sogn og Fjordane med investeringar, kompetanseutvikling og toppidrettsutvikling, Florø Mekaniske verkstad (2,5 millionar kroner) til investering i ny verkstadhall og kompetanseutvikling.
- Døme på større regionale prosjekt: Verdiskapingsprosjektet; I hovudsak utviding av tilbod om infrastruktur og aktivitetar i reiselivet sine skuldersesongar. (19,5 millionar kroner 2007-2010 + 13 millionar 2011 - 2013), tilskot til tettstadsutvikling i

kommunane: I stor grad investeringar i sentrum av Florø, Førde og Sogndal men også andre plassar i kommunane (til saman om lag 46 millionar 2007- 2013). Sunnfjord 2020: Ulike grunnlagsinvesteringar knytt til næringsutvikling. T.d. rekruttering, organisering, omdømme-prosjekt, etablering av eventselskap, utvikling av Florø lufthamn (til saman om lag 10 millionar kroner).

Aktivitetar

- Dei løyvde midlane frå INU har i størst grad blitt nytta til investeringar og kompetansehevande tiltak
- Støtta til bedriftsretta prosjekta har i større grad enn dei regionale prosjekta, gått til kompetansehevande tiltak.

Produkt/tenester

- INU har fram til 2009 vore ei viktig kjelde for finansiering av gode bedriftsprosjekt, men det kan sjå ut til at mange av prosjekta ville ha blitt gjennomførde i same omfang og innan for same tidsramme uavhengig av INU.
- INU har løfta fram enkelte bedriftsretta prosjekt som elles ville hatt vanskar med å få støtte, til dømes utvikling av industriell torskeyngelproduksjon.
- INU har løfta fram spesielle regionale satsingar som elles ville hatt vanskar med å få støtte, til dømes verdiskapingsprosjektet og tettstadsutviklinga i dei tre tettstadane.

Effektar

- INU- prosjekta i undersøkinga (119 prosjekt som til saman har fått løvt om lag 160 millionar kroner) er gjennomførde i perioden 2007 – 2012. Det er difor tidleg å sei noko om brukareffektar og samfunnseffektar. INU- ordninga er ei kompensasjonsordning som skal kompensere for meirkostnadene dei største bedriftene har til auka arbeidsgjevaravgift.

Brukareffektar

- Bedriftsprosjekta har bidrige til å styrke bedriftene sine relasjonar til eksterne aktørar, i første rekke leverandørar og konsulentar. Leverandørar har vore viktige samarbeidspartar i gjennomføringa av prosjekta.
- Dei regionale prosjekta har medverka til å styrke relasjonane mellom ulike aktørar innan verkemiddelapparatet.
- Dei bedriftsretta prosjekta har i stor grad medverka til auka fokus på kompetanse og nyskaping/innovasjon i bedriftene. Spesielt gjeld dette innan for produksjon eller framstilling av varer og tenester.
- Regionale prosjekta har også stor tru på at prosjekta har ført til innovasjonar, spesielt innan for produkt og produksjonsinnovasjonar.
- Styrka verkemiddelapparatet

- Sju av bedriftsrepresentantane oppgjer at prosjekta i nokon grad har ført til auka omsetnad.
- INU har vore utløysande for gjennomføring og ein viktig samarbeidspart for dei regionale prosjekta.
- Lite utløsende kraft for prosjekter.
- Midlane har bidrege til å finansiere utviklingskostnader i før-kommersielle fase

Samfunnseffektar

- INU-prosjekta har i liten grad medverka til etablering av nye bedrifter
- Fem representantar frå bedriftene oppgjev at INU-prosjekta anslagsvis har ført til 27 nye årsverk.
- Dei regionale INU-finansierte prosjekta har vore viktige for å finansiere ikkje-lovpålagde oppgåver i dei tre regionsentra.
- Informantane i dei regionale prosjekta meiner prosjekta i stor grad har medverka til å gjere virkeområdet for INU meir attraktivt lokaliseringsval for bedrifter
- Informantane frå dei regionale prosjekta meiner at prosjekta i stor grad har bidrege til auka kompetanse, både realkompetanse og formalkompetanse, som i neste omgang kan bli omsett til etablering og utvikling.
- Dei regionale prosjekta har i stor grad gitt effekt ut over eigen kommune. Difor kan ein sei at dei regionale prosjekta har bidrege til regionbygging og nettverk mellom kommunar og regionar.

1. Innleiing

Bakgrunn

Dei tre kommunane Flora, Førde og Sogndal har fått tilført om lag 250 millionar kroner frå 2007 – 2013 gjennom kompensasjonsordninga for auka arbeidsgjevaravgift. Ved vurdering av effektar av verkemidlar brukt til ulike tiltak er det vanleg å skilje mellom innsats/aktivitet, resultat og effekt. Det inneber at ein forventar enkelte resultat av ein aktivitet på kort sikt og effektar på litt lenger sikt. For å illustrere dette vil resultatet av at Florø Mekaniske har fått midlar frå INU til å bygge ny verkstadshall vere at den nye hallen står ferdig oppført relativt kort tid etter at prosjektet er sett i gang, medan effekten for bedrifta på lenger sikt vil vere at dei får høve til å utvide aktiviteten sin på nye område som vil kunne gjere bedrifta meir robust og gje fleire arbeidsplassar. For kommunen vil fleire arbeidsplassar bety fleire inntekter, for regionen ein meir komplementær arbeidsregion osv. På same vis vil resultatet av å løyve midlar til sentrumsparken i Sogndal vere at det blir bygt fysiske installasjonar og gjort fysiske inngrep som blir ferdigstilt etter ein fastsett tidsplan som er visuelt tilgjengelege for dei som ferdast i sentrum. Målet med eit slikt tiltak er å gjere sentrum meir triveleg å opphalde seg i og bidra til at Sogndal blir opplevd som meir attraktivt. Effekten av tiltaket, om ein har nådd målet, vil om muleg, først kunne registrerast på sikt.

Sentrale spørsmål i effektevalueringa av INU-FSF har vore:

- Kva vert midlane nytta til?
- Kva er effekten av denne verkemiddelbruken til dømes på økonomi og sysselsetjing, etablering av nye selskap, på attraktivitet og tettstadsutvikling?

Kommunal- og regionaldepartementet ser føre seg ei kjede av resultat og effektar knytt til offentlege tiltak. Kjeda er illustrert under (Finansdepartementet, 2008; Kommunal- og regionaldepartementet, 2009, 2. november). Innsatsfaktorar dreier seg her om pengar, personar og utstyr som tilskotsmottakar nyttar i tiltaket, medan aktivitetar vil vere aktivitetar og prosessar i verksemda. I KRD sin modell dreier produkt/teneste seg om produkt som vert levert til brukarar, brukareffektar om effektar brukarane har av desse produkta og samfunnseffektar om effektane prosjekta har på samfunnet dei verkar i.



I ei evaluering er det ei målsetjing å nå lengst mogleg ut i denne lekkja av tiltak, resultat og effektar. Så også i denne evalueringa, sjølv om samfunnseffektar av tiltak er vanskelege og arbeidskrevjande å måle og ofte vert betre synlege når tiltak har fått virke over tid. Dei fleste av dei ferdigstilte INU-prosjekta var ferdige i 2009, 2010 og nokre prosjekt i 2011 og 2012. Det er relativt kort tid for å kunne seie noko om brukareffektar og samfunnseffektar.

Regional utvikling

Noreg er i ferd med å få ei to-delning av økonomien; den eine knytt opp til maritim og marine næringar, den andre til annan fastlandsproduksjon av produkt og tenester. I den siste inngår også det vi kan kalle den offentlege økonomien, det som er knytt opp mot sysselsetting innan offentleg sektor.

Dette skilje er tydelegast på Vestlandet og i deler av Nord Norge, der produksjonen av olje og gassrelatert verksemder er lokalisert, og der også marin sektor ved fiskeri og oppdrett held til. I Sogn og Fjordane er dette tydeleg, først og fremst ved den aktiviteten som skjer i Florø og Måløy men også i tilknyting til andre miljø som i Gulen, Fjaler og gjennom enkeltbedrifter andre stadar.

Næringslivet i Sogn og Fjordane har vore prega av arbeidsintensiv industri og primærnæringane. Arbeidsløysa er generelt låg, sjølv om det er ein del variasjon mellom kommunane og regionane i fylket. Hovudskiljet går mellom kyst- og innlandskommunar, og det er ein klar tendens til at arbeidsløysa er høgast på kysten. Dette heng saman med næringsstrukturen der arbeidsløysa er størst innan fiskeri- og verkstadindustrien. I tillegg er arbeidsplassar innan primærnæringane, næringsmiddelindustri og prosessindustri alle i tilbakegong. Det har vore ei svak folketalsutvikling i fylket sett over tid, sjølv om dei siste fem åra viser ei jamn auke frå om lag 106 000 i 2007 til om lag 109 000 i 2013. Florø (+ 3%), Førde (+ 8,7 %) og Sogndal (+ 8,8 %) har alle hatt vekst og har eit samla folketal på om lag 40 000. (Fylkesspegele Sogn og Fjordane 2013)

Å utvikle attraktive bu- og arbeidsmarknadsregionar står sentralt for å oppnå vekst i folketal og sysselsetjing. For å få til det gjeld det å få knytt kommunane tettare saman og gjere det enklare å forflytte seg i regionen, enten det gjeld arbeidsreiser, fritidsreiser eller for å nytte kulturtilbod. I tillegg vil det å etablere meir samarbeid, mellom anna på næringssida mellom kommunar vere viktig. INU har valt å prioritere regionale tiltak i aukande grad, i staden for direkte bedriftsretta tiltak, for å stimulere til vekst og utvikling. Utvikling av infrastruktur, tettstadsutvikling og kompetansebygging er tre stikkord for dei strategiske satsingane gjennom INU. Regional utvikling handlar mellom anna om å utvikle arbeidsplassar, og då helst kunnskapsintensive arbeidsplassar. Innflytting og vekst vil gje grunnlag for lokalt baserte arbeidsplassar. Kampen om arbeidskrafta gjer at det ikkje er nok å tilby arbeid, regionen må også vere attraktiv nok til at nokon synest det er spennande å flytte dit. For ein kommune og ein region vil det på same vis handle om å vere attraktiv nok til at potensielle nye innbyggjarar ynskjer å busetje seg der framfor å pendle inn og ut. (Dvergsdal et.al. 2013)

Motivet for å flytte til eller frå ein stad, kan vere mange. Ofte er det knytt opp til livsfasar, i tillegg blir det til ein viss grad påverka av konjunkturar. Det er også eit spørsmål kor open ulike delar av arbeidsmarknaden er. Flytting heng også saman med utdanningsnivå. Det er fleire med høgare utdanning som flyttar frå rurale til urbane regionar enn personar utan høgare utdanning (Båtevik m.fl. 2011)

Å skaffe rett og tilstrekkeleg kompetanse er ei generell utfordring for distriktskommunar og regionar. Ein kan stille spørsmål ved at «kompetansearbeidsplassar» ofte blir definert som høgare utdanning. Dei fleste næringane står i dag for produktutvikling og ein produksjon som krev høg kompetanse på alle nivå, ikkje berre frå høgskular og universitet. Det inneber at utdanningsbehovet vil vere samansett og variert og i stadig endring. Nettverk og kunnskap som kryssar grensene mellom ulike sektorar er difor viktig for å fange opp behov, og legge til rette for relevant type kunnskap. Samarbeidet mellom kraftselskapa, Høgskulen i Sogn og Fjordane/Vestlandsforsking om å styrke satsinga på fornybar energi/ elfag er eit godt døme på slikt samarbeid. Eit anna døme er samarbeidet mellom Høgskulen i Bergen og offshore- miljøet i Florø om subsea- utdanning.

Førde og Sogndal har etter kvart etablert seg som regionsenter i kvar sin bu- og arbeidsmarknadsregion. Dei tre kommunesentera Florø, Førde og Sogndal har det til felles at dei er senter med

sentralstadsfunksjonar¹, at dei har funksjonar i forhold til kringliggende område. Førderegionen har høg innpendling på grunn av korte reiseavstandar, også frå Florø er det stor innpendling (+ 350), og den har auka dei siste ti åra (Fylkesspegelen Sogn og Fjordane 2013). Sogndal har stor innpendling, primært frå Luster og Leikanger.

Aktivitet skapar aktivitet, og ofte er det snakk om «ei kritisk masse» som må ligge i botn for å vere store nok og attraktive nok til å tiltrekke seg aktivitet. Fjordbase i Florø er eit døme på ei konsentrert satsing over tid som etter kvart har fått eit omfang og aktivitet som gjer at den til ein viss grad vil virke sjølvforsterkande, sjølv om den i periodar vil variere (eks. Statoil sine planar om nedbemanning) Førde som handels- og sørvisområde har også etter kvart fått eit omfang som gjer at det tiltrekker seg nye aktørar og aktivitetar og veks av eiga tyngde, både som handels- og sørvisenter, men også som lokalisering for kompetansearbeidsplassar.

¹ Sentralstadsfunksjon. Eit senter kan ha ulike funksjonar i forhold til kringliggende område. Slike funksjonar blir gjerne omtala som sentralstadsfunksjonar (Aasbrenn 2001). Eit senter er såleis kjenneteikna av at det i tillegg til eiga befolkning, også forsyner omlandsbefolkninga med varer, tenester og kulturtilbod. Enkelte varer og tenester treng større omland og eit større befolkningsgrunnlag enn andre. Dess større omland eit senter har, dess større grunnlag er det for å oppretthalde og etablere ulike sentralstadsfunksjonar i det aktuelle senteret.

2.0 Effektgransking 2013 - gjennomføring og metode

Dette prosjektet er gjort på oppdrag frå styret i INU-FSF (Den Interkommunale Næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora), frå no av kalla INU, og er ei følgjeevaluering av ordninga i perioden 2011-2013.

Den første rapporten (Yttredal, E.R. et al- 2012) omhandla effektevaluering- undersøking av virkemiddelbruk og effektar av dette i perioden 2007 – 2010 i kommunane Flora, Førde og Sogndal. I tillegg oppsummerer den evaluering av INU-FSF med spesiell vekt på forskjellar og likskapar i høve til tidlegare organisering, kunnskap om innovasjonsprosessar i bedriftene og flaskehalsar i desse. Den omhandla også korleis verkemiddelapparatet fungerer inn mot slike prosessar.

Denne rapporten føl opp effektgranskingsa som vart gjennomført i første del, i tillegg til at den omfattar nye prosjekt som har fått støtte i perioden 2011 – 2013. Til saman har 163 prosjekt fått om lag 247 millionar kroner i støtte direkte frå INU i perioden 2007 - 2013. Ei rekke lokale og regionale reiselivsprosjekt og destinasjonsselskap har vore støtta gjennom «Verdiskapingsprosjektet», ei større satsing gjennom INU.

Data og metode

Val av metode bør skje ut frå formålet med studiet, type objekt, teoretisk utgangspunkt og problemstilling. For å ta fatt i ulike problemstillinger, må det difor nyttast ulike metodar. I den første rapporten forsøkte vi å belyse dei tre temaområda gjennom tilpassa datainnsamling, samstundes som vi drog med oss alle tre innfallsvinklane inn i all datainnsamling. I denne avsluttande effektevalueringa har vi nytta data frå den første evalueringa i tillegg til nye data innsamla i 2013. Attåt dette, har vi sjølv sagt nytta andrehands kjelder som rapportar og dokument knytt til ordninga.

Data til effektevalueringa av INU-FSF er hovudsakleg samla inn gjennom ei spørjegransking til alle prosjektegarar som har motteke støtte i perioden 2007 – 2012, uavhengig om prosjekta er avslutta eller ikkje. I tillegg er det gjennomført oppfølgningsintervju av enkeltprosjekt og djupneintervju av ordførarane i dei tre kommunane.

Spørjegranskingsa vart gjennomført som questbackundersøking i september – oktober. Denne gav for få svar og vart difor følt opp på telefon i november. 40 personar har svart på spørjegranskingsa. Desse representerer totalt 119 prosjekt og om lag 160 millionar kroner, noko som er ca 80 % av alle løvde prosjekt per 01.01 2012. Av desse midlane har om lag 47 millionar kroner gått til bedriftsretta prosjekt, medan om lag 200 millionar har gått til regionale prosjekt. I tillegg har vi gjennomført ei spørjeundersøking blant eit utval av reiselivsprosjekt og destinasjonsselskap som har fått støtte frå INU, (Verdiskapingsprosjektet 2007 – 2010, Fylkeskommunen 2011 – 2013).

Eit hovudskilje i analysen av datamaterialet er mellom bedriftsretta og regionale prosjekt, fordi dette har vore hovudskiljet frå INU i løvving av midlar. 11 av informantane kjem frå bedrifter som har fått støtte til bedriftsretta prosjekt, medan 29 personar representerer organisasjonar som har fått støtte til regionale prosjekt. Fleire av personane vi har hatt kontakt med er kontaktpersonar for fleire prosjekt. Dette gjer at eininga i undersøkinga er personane, ikkje prosjekta. Vi reknar med dette svara informantane gjev som eit gjennomsnitt av svara dei ville gitt for kvart enkelt prosjekt og at oversikta dermed vil gi eit godt bilet av alle prosjekt som er støtta av

INU. Informantane hadde også i undersøkinga høve til å svare på vegner av eitt og eitt prosjekt på enkelte spørsmål, dersom dei syntest dette var naudsynt. Berre i nokre få tilfelle har informantane valt å gjere dette.

Oversikt over råka bedrifter

INU-bedriftene er mellom dei største i Sogn og Fjordane. Per definisjon har alle over 14 millionar kroner i lønsutgifter, sidan dei må betale full arbeidsgjevaravgift. Ved enkelte høve er INU-prosjekta gjennomført i delar av konsern som har lågare lønsutgifter. Støttemottakarane kan likevel seiast i hovudsak å vere mellomstore (20-100 årsverk) og store bedrifter (over 100 årsverk).


Sidan løyvingane til INU er basert på kompensasjon for differensiert arbeidsgjevaravgift, vil ei auke i kompensasjonen seie at dei største bedriftene i dei tre kommunane har større lønsutgifter enn tidlegare.

SAGA FJORDBASE AS	Flora	Eit selskap i INC- gruppa. Starta i 2000 og har i dag ca. 85 tilsette. Leverer basetenestersom pakking, merking og sending, transport til kai, lasting og lossing, drivstoff m.m.
WESTCON YARD FLORØ AS (STX)	Flora	Westcon Group har base i Ølensvåg i Nord-Rogaland og driv mellom anna med nybygg av skip og reparasjoner av skip og oljeriggar. Kjøpte opp STX Florø i 2013
SFE Nett AS	Flora	Eit heileigd datterselskap i SFE konsernet (Sogn og Fjordane energi). Eit infrastrukturselskap som drifter og byggjer ut regionalnett og sentralnett i tillegg til breiband. Selskapet har omlag 100 tilsette
NBN Elektro AS	Fora	Eit selskap i INC- gruppa. Leverer elektrotenester til landbasert næring/industri, maritim industri, bustad og on/offshore
West industri & Skipservice AS	Flora	Eit selskap i INC- gruppa. WEST INDUSTRI SERVICE -gruppa prosjekterer, prefabrikkerer og monterer komplette røyranlegg, stålkonstruksjonar og mekaniske anlegg for landbasert industri, skip og offshoreindustrien
Wis Installasjon	Flora	Etablert i Florø i 2006 som eit rekrutteringsselskap for utanlandske personell. Har i dag om lag 120 tilsette, er datterselskap av West Industri Service og står for rørinstallasjonar på skip prefabrikert av morselskapet
BB-GRUPPEN / NORTEKSTIL	Flora	Tidlegare to selskap BB- gruppen og Nortekstil. Fusjonerte i 2011. Leiger ut og vaskar tekstilar for bedrifter og institusjonar i heile Norge.
FLORØ MEKANISKE VERKSTED AS	Flora	Mekanisk industribedrift med hovudkontor og eigen verkstad i Florø. Hovudaktivitet knytt til skipsindustrien. I tillegg landbasert industri, oppdrettsnæring og offshore. Etablert i 2003 og har i dag om lag 220 tilsette.
AVISHUSET FIRDA AS	Førde	tørste mediehuset i Sogn og Fjordane. Hovudprodukta er avis Firda og nettstaden firda.no. Firda er lokalavis for 12 kommunar, med 45.000 daglege lesarar. Ca 60 tilsette
SUNNFJORD ENERGI AS	Førde	Sunnfjord Energi er eit energikonsern med 120 medarbeidarar. Konsernet driv innanproduksjon og omsetnad av fornybar energi, utbygging og drift av om lag 2600 km linjenett, småkraftverk, breiband, fiber, alarm, varmepumpe og anna entreprenørverksemd
ÅSEN & ØVRELID AS	Førde	Grunnlagt i 1988, tilbyr totalentrepriser innan bygg og anlegg. Har ca. 90 tilsette.
RICA SUNNFJORD HOTEL AS	Førde	Tidlegare Sunnfjord hotell, no del av Rica- kjeda. Eit konferanse og turisthotell med Spa- avdeling
SPAREBANKEN SOGN OG FJORDANE	Førde	Sparebanken Sogn og Fjordane er den største banken i Sogn og Fjordane med ein forvaltningskapital på 32,8 milliardar kroner og 297 årsverk. Banken har 22 salskontor, 17 Bank i Butikk avtalar og er representert i 21 av dei 26 kommunane i

		fylket
NETTBUSS SGN BILLAG	Sogndal	Nettbuss Sogn Billag (tidlegare Sogn Billag) er eit busselskap med hovudbase i Sogndal. Selskapet er ein del av Nettbuss konsernet med verksemd i heile norden og er eit heileigd datterselskap av NSB-konsernet.
FIRDA BILLAG IKS	Førde	Firda Billag AS er eit transportselskap eigd av 13 kommunar i Sogn og Fjordane, i tillegg til Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Driv ordinær busstrafikk og godstransport i tillegg til Travelnett Reisebyrå. Selskapet har ca. 350 tilsette
FYLKESBAATANE I SGN OG FJORDANE AS	Flora	Etablert som amtsrederi i 1858, vart seinare Fylkesbåtane i Sogn og fjordane. Fusjonerte med Møre og Romsdal fylkesbåtar i 2001 og vart Fjord1 Fylkesbåtane.
CREDITCARE	Førde	Etablert i 1987 og leverer løysingar for fakturering, inkasso og kreditoppfølging. Selskapet har 40 tilsette lokalisert i Førde, Oslo og Gjøvik

Tabell 1 viser oversikt over råka bedrifter per november 2013

I 2007 var grunnlaget for midlane om lag 21 millionar kroner, i 2013 er dette auka til om lag 44 millionar kroner, sjå figur1 nedanfor. Tildeling føl ikkje direkte grunnlaget for midlane.



Figur 1 Grunnlaget for midlar INU-FSF har hatt til disposisjon basert på årlege berekningar frå Møreforsking Molde AS

Ei samla oppsummering av prosjektporleføljen - avslutta og igongverande prosjekt

I denne avsluttande runda har vi spurt alle prosjekteigarane, uavhengig av om prosjekta er ferdigstilte eller ikkje, med unntak av dei som fekk løyving i 2013. Av totalt 47 søkjrarar (institusjonar, organisasjonar og bedrifter), har 40 delteke i den siste spørjeundersøkinga. Desse representerer 119 prosjekt løyvd i perioden 2007 – 2012, 27 bedriftsretta prosjekt og 92 regionale prosjekt. 11 av informantane har bedriftsretta prosjekt, 29 har regionale prosjekt.


Forholdet mellom bedriftsretta og regionale prosjekt

Totalt er det gjennom INU tildelt om lag 247 millionar kroner i perioden 2007 – 2013 til 163 prosjekt. Prosjektporleføljen er delt i bedriftsretta og regionale prosjekt. I figurane nedanfor ser vi samla fordeling kvart år og kor mykje støtte kvar kategori har fått i perioden. Oversikta føl INU sitt eige

skilje der bedriftsretta midlar i hovudsak er midlar til private bedrifter og regionale midlar er alle andre prosjekt. Tildelinga er fordelt på totalt 166 prosjekt, av desse er 48 bedriftsretta prosjekt og 118 regionale prosjekt. 46 søkerar har i perioden fått tildelt støtte frå INU, av desse har 33 fått løyvt støtte til to eller fleire prosjekt.

Oversikt over prosjektporlefølgjen

Totalt er det gjennom INU tildelt om lag 247 millionar kroner i perioden 2007 – 2013 til 163 prosjekt. Prosjektporlefølgjen er delt i bedriftsretta og regionale prosjekt. I figurane nedanfor ser vi samla fordeling kvart år og kor mykje støtte kvar kategori har fått i perioden. Oversikta føl INU sitt eige skilje der bedriftsretta midlar i hovudsak er midlar til private bedrifter og regionale midlar er alle andre prosjekt. Tildelinga er fordelt på totalt 166 prosjekt, av desse 48 bedriftsretta prosjekt og 118 regionale prosjekt. 46 søkerar har i perioden fått tildelt støtte frå INU, av desse har 33 fått løyvt støtte til to eller fleire prosjekt.




Figur 2 Løyvde midlar frå INU per år, til bedriftsretta og regionale prosjekt

Med unnatak av 2009 ser vi at det har vore løyvt mest støtte til regionale prosjekt. Årsaka til at det dette året var løyvt meir til bedriftsretta prosjekt, skuldast ei stor løyving til Saga Fjordbase på 15 millionar kroner til utviding av basen.

Tabellen nedanfor viser støtte til bedrifter i perioden. Her ser vi at støtta har gått til ulike bedrifter i same konsern, som til dømes INC- gruppa der både Saga Fjordbase, INC Havlandet og konsernporsjekt har fått støtte. Støtte til Fjordbasen har gått til investeringar i arealutviding og investering i bygningsmasse, og infrastruktur til Saga Fjordbase.

Størrelsen på prosjekta målt etter løyvd støtte har vore jamnt aukande. I starten var det mange mindre, vesentleg bedriftsretta prosjekt. Frå 2009 vart det gjort strategiske val om satsingsområde, og verkemidlane vart retta inn mot regionale utviklingsprosjekt. Dette har gitt færre men større prosjekt. I tillegg har midlane fordelte gjennom INU vore jamnt aukande. Gjennomsnittleg størrelse på prosjekta har auka frå litt under 800 000 i 2007 til litt over 1,9 millionar i 2013. I gjennomsnitt for heile perioden har kvart prosjekt motteke om lag kr 1 518 000 i støtte frå INU. Dei regionale prosjekta er jamn over større enn bedriftsprosjekta



Figur 3: Gjennomsnittleg størrelse på prosjekta, løvvde midler per prosjekt 2007 - 2013

Bedriftene som har fått støtte

Tabellen nedanfor viser støtte til bedrifter i perioden. Her ser vi at støtta har gått til ulike bedrifter i same konsern, som til dømes INC- gruppa der både Saga Fjordbase, INC Havlandet og konsernporsjekt har fått støtte. Støtte til Fjordbasen har gått til investeringar i arealutviding og investering i bygningsmasse, og infrastruktur til Saga Fjordbase.

Fjordbase	15 000 000
INC Havlandet	10 200 000
Sparebanken Sogn og Fjordane	4 198 000
Sunnfjord Energi AS	2 812 000
Florø Mekaniske Verkstad	2 520 000
INC-gruppen	2 433 000
Berge & Co AS	1 770 000
Firda Media	1 744 500
Flora Deckhouse	1 642 000
Firda media	1 550 000
Firda Billag IKS	1 205 000
Sogndal fotball	1 200 000
Bruland Pallefabrikk	1 000 000
Slinde Transport AS	880 000
Åsen & Øvreliid AS	726 000
BB Servicesystem Sogn og Fjordane AS	415 000
Coop Vest BA	158 000
Fjord1 Sogn Billag	145 000
Fjordforsk Sogn AS	100 000
SFE Nett AS	45 000
Sum	49 743 500

Tabell 2 viser søkerar på bedriftsretta prosjekt


Frå 2010 har det alt vesentlege av midlar gjennom INU gått til regionale prosjekt. Om lag 195 millionar har gått til regionale prosjekt.

Sogn og Fjordane Fylkeskommune	77 690 000
Førde kommune	18 200 000
Sogndal kommune	14 700 000
Flora kommune	13 500 000
SFE Nett	12 150 000
Kunnskapsparken Sogn og Fjordane	9 700 000
Høgskulen i Sogn og Fjordane	8 265 000
Sunnfjord 2020	7 700 000
Førde Idrettslag	5 500 000
Jølster skisenter	4 000 000
Sunnfjord Næringsutvikling	3 385 000
Fram Flora	3 110 000
Reisemål Sunnfjord	3 100 000
Høgskulen i Bergen	2 500 000
Vindkraftforum Sogn og Fjordane	2 400 000
Sunnfjord Næringsråd	2 200 000
Bedriftsnettverket	1 600 000
Maritim foreining Sogn og Fjordane	1 100 000
Førde Industri- og næringssamskipnad	1 000 000
Hafstad vidaregåande	1 000 000
Stiftinga Bystien	1 000 000
Opplæringskontoret for transportfag	750 000
Kinn kyrkjekor	500 000
Samarbeidskommunar i Sunnfjord (SIS)	500 000
Sogn Næring	200 000
Sum	195 750 000

Tabell 3 viser oversikt over søkjrarar på regionale prosjekt

Dei største prosjekta

Figur 3 viser dei organisasjonane og bedriftene som har motteke mest støtte frå INU i perioden 2007 – 2013. Oversikta speglar strategien til styret, som etter 2009 har vore å prioritere midlane nytta på utvalde satsingsområde (bundne midlar) og til utvalde prosjekt (ubundne midlar). Frå 2010 skjer det ei markant endring der innretninga blir dreia klart over mot regional utvikling og satsing på infrastrukturtiltak. *"INU-midlane skal bidra til utvikling av lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem som gir betre vilkår for innovasjonsbasert verdiskaping. Målet er å stimulere til utvikling, nyskaping og auka kompetanse/næringsverksemد."* INU-FSF skil mellom bundne og ubundne midlar. Bundne midlar er midlar som er sett av til konkrete satsingar. Ubundne midlar vert sett på som søknadsbaserte midlar.



Figur 4: Oversikt over dei 20 største prosjekta, målt etter løvvde midlar (bedriftsretta og regionale prosjekt)

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vore mottakar for om lag 77 millionar kroner i perioden. Denne summen fordeler seg i hovudsak på to område; Reiselivsatsing og infrastrukturtiltak. Satsinga på reiseliv (37 mill.) var i starten (2007 – 2010) organisert gjennom «verdiskapingsprosjektet», eigd av Visit Sognefjord AS, Vestkysten Reiseliv AS og Fjord1 Fylkesbaatane. Frå 2011 har midlane vore fordelt av Fylkeskommunen, som har vore sakshandsamar. Vi kjem tilbake med meir detaljar om reiselivssatsinga i eit eige kapittel. Døme på store infrastrukturtiltak som har vore støtta, er Sunnfjord Hamn (35 mill.), Campus Sogndal (6 mill.).


INC- gruppa (25 mill.) er den største mottakaren av bedriftsretta midlar, der investeringar i Fjordbasen og støtte til Havlandet Marin Yngel utgjer storparten av støtta. Havlandet Marin Yngel bli omtalt i eige avsnitt

Dei tre kommunane har til saman fått løvt om lag 45 millionar kroner til ulike tettstadsutviklingsprosjekt, meir om dette i eige avsnitt lengre bak.

SFE Nett har fått om lag 12 millionar kroner der storparten har gått til ei felles satsing på Elkraft/energiutdanning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. I tillegg har bedrifta fått støtte til to mindre bedriftsinterne prosjekt.

Finansiering av prosjekta

I tillegg til INU- midlar, er prosjekta i all hovudsak finansiert med eigenkapital og eigeninnsats. 90 % av dei som har bedriftsprosjekt svarar at dei har tilleggsfinansiert prosjekta med eigenkapital, omlag 60 % av dei regionale prosjekta svarar det same. Bruk av eigeinnsats er om lag likt for bedrifts- og regionale prosjekt. Anna offentleg finansiering er lite utbreidd blant dei bedriftsretta prosjekta, to av ti svarar at dei har nytta anna offentleg finansiering, medan 12 av 17 av informantane for regionale prosjekt har nytta anna offentleg finansiering.



Figur 5: Restfinansiering av INU- prosjekt. (N= 39)

Prosjektporleføljen etter satsingsområde

Frå 2009 har fordeling av midlane gjennom INU vore gjort i samsvar med handlingsplan godkjend av årsmøtet. Frå 2010 – 2013 har dei prioriterte områda vore :

- Fornybar energi (Øyremarking til vindkraftforum Sogn og Fjordane)
- Innovasjon/nyskaping (bundne midlar til inkubatorsatsinga i fylket).
- FoU (berre ubundne midlar).
- Reiseliv/kulturbaserte næringer (bundne midlar til verdiskapingsprosjektet)
- Infrastruktur/Tettstadutvikling (bundne midlar til regionhamn i Sunnfjord og tettstadsutvikling i kommunane Florø, Sogndal og Flora).

Frå 2011 vart det i tillegg avsett 2 millionar kroner til Innovasjon Norge, i 2012 og 2013 5 millionar kroner som har vore løyvt til bedriftsprosjekt der Innovasjon Norge har hatt ansvaret for sakshandsaminga. Desse midlane har primært vore prioritert til bedrifter innan for virkeområdet (Florø, Førde, Sogndal). I 2013 vart det også avsett øyremerka midlar til kompetanseutvikling (sub-sea teknologi og el-kraft – Høgskulen i Bergen og Høgskulen i Sogn og Fjordane). Naturleg nok viser dette att på prosjektporleføljen, og innan for kvart av områda er det større fleirårige satsingar.

Fornybar energi; Den største enkelsatsinga innan fornybar energi er fellessatsinga på fornybar energi og elkraft/ energiutdanning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, koordinert av SFE Nett. Bak denne satsinga stod, i tillegg til SFE, lokale kraftselskap, Vestlandsforsking og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Dei viktigaste tiltaka i denne satsinga har vore finansiering av eit professorat og doktorgradstipendiat knytt til Høgskulen/Vestlandsforsking, og etablering av bachelorstudium i fornybar energi ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Reiseliv; Det største enkeltprosjektet i denne gruppa er Verdiskapingsprosjektet- eit samarbeid mellom Fjord1 Fylkesbåtane, Visit Sognefjord AS og Sunnfjord 2020. Dette er eit fleirårig prosjekt (2007 – 2010) som til saman har fått 19,5 mill kr. Døme på andre prosjekt kan vere Reisemål Sunnfjord sitt “Opplev Dalsfjorden og Gaulearfjellet /Fosselandet” med til saman 2,1 mill kr i tillegg til fleire prosjekt som tilrettelegging for cruisetrafikk i Florø 2,0 mill kr, (Sunnfjord 2020), Fjordkysten med tilrettelegging av opplevingspakkar, “Sunnivaleia” del av pilegrimsleia til Nidaros i regi av Kinn

kyrkjekontor mellomanna. Frå 2011 har midlane til reiselivssatsinga vore kanalisert gjennom Fylkeskommunen, men har framleis hatt fokus på sesongutviding og styrking av Sogn og Fjordane som reisemål gjennom ulike prosjekt i regi av destinasjonsselskapa i fylket. Døme på prosjekt er støtte til sesongutviding båtruta Solvorn – Ornes, støtte til passasjerbåten på Fjærlandsfjorden, Harpefossen skisenter, turistskranke i Bergen, «Fjordskranken» med meir.

Tettstadsutvikling/Infrastruktur; Dei tre kommunane har motteke om lag 46 millionar kroner, som i hovudsak har blitt nytta til tettstadsutviklingstiltak og til infrastrukturtiltak. Døme på tiltak til tettstadsutvikling er parkanlegg i Sogndal og Førde, opparbeiding av badestrand i Florø. Døme på infrastrukturtiltak er til dømes fjernvarmeanlegg (Førde og Sogndal). Tettstadsutviklingsprosjekta blir omtalt meir inngåande i eige avsnitt.

Innan for kvart satsingsområde kan prosjekta sorterast etter kva som er hovudformålet med aktiviteten. Døme på slike grupper kan vere; investeringsprosjekt, kompetanseutviklingsprosjekt, nettverksprosjekt og FoU- prosjekt. Mange av prosjekta har aktivitetar som sorterer under fleire av desse overskriftene

Investeringsprosjekt; Det største enkelprosjektet er Fjord Base AS sitt prosjekt "Utvikling av Fjord Base" som har fått kr 15 mill. til utvikling av basen i Florø. Investeringane er knytt til arealutviding og investeringar i bygningsmasse og infrastruktur med ei samla kostnadsramme på over 300 millionar kroner. Andre døme er Berge & Co som har fått støtte til investering i ny lakkhall/ mekanisk verkstad, Florø Mekaniske Verkstad som har fått støtte til bygging av ny industrihall for å kunne sørve oljeindustrien, og Sunnfjord Energi som har fått støtte til bygging av nytt administrasjonsbygg. Slinde transport har også fått støtte til investering i anlegg/kvileplass m.v. i Lærdal. Bruland pallefabrikk har fått støtte til investering i ny produksjonsteknologi og Firda media har fått støtte til investeringar knytt til videoproduksjon for internett. Sogndal fotball har fått støtte til investering i teknologisk FoU- laboratorium for individualisering av lagidrett.

Kompetanseutviklingsprosjekt; Fleire av bedriftene og destinasjonsselskapa har fått støtte til kompetanseutvikling, men her er det snakk om mindre beløp. INC har fått støtte til eit utviklings/kompetanseutviklingsprosjekt, totalt 1,4 mill kr, Sunnfjord Energi, Åsen & Øvreliid, Reisemål Sunnfjord har alle fått støtte til ulike kompetanseutviklingsprosjekt med tilskot frå kr 150 000 – 300 000. I tillegg har Coop Vest fått støtte til kompetanseutvikling av toppleiarar. Firda Billag har fått støtte til eit kompetanseutviklingsprosjekt som omfattar opplæring i nye økonomisystem, billetteringssystem og sjaføroplæring (kompetanseløft), og Firda Media har fått 1,5 mill kr i støtte til kompetanseutvikling av nynorskjournalistar innan avismediet. Vestlandsforsking har fått støtte til eit forskningsprogram for innovasjon i reiselivet. I tillegg har INU støtta ei ny subsea Bachelorutdanning i Florø i regi av Høgskulen i Bergen.

Nettverksprosjekt; Nettverksprosjekt finn vi døme på både som regionale prosjekt og som bedriftsprosjekt. Organisering av næringssektoren i Florø i regi av Sunnfjord 2020 er eitt døme, utviklingsprosjekt/ samarbeidsprosjekt mellom STX og Flora Deckhouse, styrking av kulturnæringerane i Flora og støtte til Fjord Inkubator er døme på nettverksprosjekt som er støtta med tilskot frå INU.

FoU- prosjekt; Det største enkelprosjektet er INC Havlandet sitt torskeyngelprosjekt som har fått støtte gjennom INU til forsking på produksjon av levandefôr og genetikk, til saman 10,2 millionar

kroner. I tillegg har SFE nett fått støtte til eit fellesprosjekt med Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogndal om energiretta FoU.

3.0 Resultat for bedriftene og regionane

Kva har INU- midlane vore nytta til?


Bedriftsretta og regionale prosjekt skil seg klart frå einannan i korleis midlane har vore brukt, men for både for begge gruppene går det klart fram at om lag halvparten av midlane har gått til investeringar. For den andre halvparten av pengane er det ein tydeleg skilnad. Medan dei bedriftsretta prosjekta i hovudsak har nytta midlane til kompetansehevande tiltak, har dei regionale prosjekta i liten grad brukt midlar til dette. Her fordeler bruken seg mellom innkjøp av spisskompetanse, nettverksbygging, kunnskapsutvikling med meir.



Figur 6: Kva har midlane vore nytta til (N=39)


Kompetanse og innovasjon i bedriftene

For dei bedriftsretta prosjekta har eit viktig resultat vore auka kompetanse (både formal og realkompetanse), og auka fokus på innovasjon. Alle informantane svarar at prosjekta har bidrige til auka



Figur 7: I kva grad har prosjekta medverka til auka fokus på nyskaping, innovasjon og kompetanseutvikling. (N=10)


kompetanse, 90 % at prosjekta i stor eller svært stor grad har medverka til auka kompetanse. Også når det gjeld i kva grad prosjektet har medverka til auka fokus på nyskaping og innovasjon i bedrifta svarar alle informantane at prosjekta har ført til auka fokus i større eller mindre grad. Døme på dette er prosjekt som har ført til forenkling og nye måtar å utføre prosessar på og jobbe med større effektivitet, utan at det har ført til auka administrasjonskostnadar.



Figur 8: I kva grad prosjekta har ført til auka sysselsetting og lønsemnd i bedriftene (N=10)

Resultat knytt til nyskaping og innovasjon

I dette avsnittet ser vi nærmare på kva bedriftene og dei regionale prosjekta svarar på spørsmål som omhandlar innovasjon, nyskaping og regional utvikling. Vi har spurt begge prosjektkategoriene om å vurdere i kva grad dei meiner prosjekta har hatt resultat i høve til fem innovasjonskategoriar.




Figur 9: Viser i kva grad dei bedriftsretta INU- prosjekta har ført til ulike former for innovasjon i bedriftene- absolutte tal. (N=10)

Informantane har gradert innovasjonsvurderingane av prosjekta frå «ikkje i det heile» til «stor grad». I figurane er dei som meiner prosjekta ikkje har hatt, eller i liten grad, har hatt påverknad på innovasjon og nyskaping illustrert som liten grad. Dei som har definert prosjekta til å hatt påverknad i middels eller stor grad er her illustrert som vesentleg grad.

Av informantane for dei bedriftsretta prosjekta meiner 7 av 10 at prosjekta har ført til prosessinnovasjon, 6 av 10 meiner prosjekta har ført til produktinnovasjon(ar) og organisatorisk innovasjon. Samanlikna med SSB sin innovasjonsundersøking (2008) oppgjer omlag 15 % av bedriftene i Sogn og Fjordane at dei har gjennomført innovasjonar. Svara er også tydelege med omsyn til kva type innovasjon prosjekta ikkje har hatt påverknad på. Det gjeld i første rekke marknadsmessig innovasjon (design, distribusjon, marknadsføring etc.).


Blant informantane frå dei regionale prosjekta er det mindre oppfatning av at prosjekta har ført til innovasjon. Av informantane som svarar, oppgjer 11 av 24 at prosjekta har ført til produksjonsinnovasjon eller organisatorisk innovasjon, medan om lag halvparten av informantane oppgjer at prosjekta i liten grad har ført til innovasjonar.



Figur 10: I kva grad har dei regionale prosjekta ført til ulike former for innovasjon – absolutte tal. (N=24)

Etablering av nye bedrifter og sysselsetting

Representantane frå dei bedriftsretta prosjekta er samstemte om at prosjekta i liten grad har ført til etablering av nye bedrifter. Sjølv om dei same informantane meiner at prosjekta for ein stor del har ført til innovasjonar, har det så langt ikkje ført til ny- etableringar i form av knoppskyting etc. Dei regionale prosjekta har større tru på at prosjekta har ført til ny- etableringar. 16 av 27 meiner at dei regionale prosjekta har medverka til etablering av bedrifter. Etablering av nye bedrifter har heller ikkje vore ei målsetting for INU- midlane.



Figur 4 I kva grad prosjekta har ført til etablering av nye bedrifter (N=37)


90 % av informantane opplyser at prosjekta i liten grad har ført til auka tal årsverk i bedriftene i større eller mindre grad. På spørsmål om kor mange nye årsverk det anslagsvis har ført til oppgjer 5 av representantane frå bedriftene at prosjekta har ført 27 nye årsverk. 70 % svarar at prosjekta i nokon grad har ført til auka omsetnad, nokre færre at det har resultert i auka lønsemnd. Til dømes har investeringar i kontorbygg gitt fleire og betre kontorplassar som har ført til auka omsetnad og auka lønsemnd.

Effektar for bedriftene og regionane


Som vi har vore inne på, er måling av effektar generelt vanskeleg, både fordi det vil gå ei tid før det vil vere målbare effektar og fordi det for ein del tiltak vil vere vanskeleg å registrere målbare effektar. Det siste er tilfelle spesielt for tiltak som handlar om tilrettelegging av infrastruktur som er til nytte for «folk flest», til dømes parkar, stiar med meir. På andre område er det lettare å sei noko om kva effekt tiltaka har hatt, til dømes kompetanseheving, investeringstiltak etc.

Styrka relasjonar

Nesten alle (2/3) av representantane frå dei regionale prosjekta svarar at gjennomføringa av prosjekta i stor grad har ført til styrka relasjonar til eksterne aktørar. Representantane frå dei bedriftsretta prosjekta er meir usikre, omlag halvparten meiner eksterne relasjonar i stor grad har blitt styrka medan den andre halvparten meiner dei har blitt styrka i nokon grad. Totalt sett må vi difor kunne konkludere med at ein viktig del av effekten av INU- finansierte prosjekt er styrkte relasjonar.



Figur 11: viser i kor stor grad prosjekta har medverka til å styrke relasjonane til eksterne aktørar. (N=39)




Figur 12: Figuren viser svara på spørsmålet om kven relasjonane i stor og svært stor grad har blitt styrka. (N=39)

Når vi spør dei som meiner at dei har styrka relasjonane til eksterne aktørar, kven dei har fått betre kontakt med, ser vi at det er store forskjellar mellom regionale og bedriftsretta prosjekt. Dei bedriftsretta prosjekta har i stor grad styrka relasjonane til konsulentar, leverandørar og bedrifter i same bransje. Derimot har gjennomføring av INU-prosjekta ikkje ført til styrka relasjonar til næringsutviklingsapparatet. Dei regionale representantane oppgjev å ha styrka relasjonane sine mest til fylkeskommunen og til næringsutviklingsapparatet elles, til FoU-miljø og til INU. I kategorien «anna» ligg det til dømes at regionale prosjekt har ført til styrka relasjonar til bedrifter (3 stk), til lokale aktørar utan om den kommunale organisasjonen (2 stk) og til SIVA (1 stk).

Samarbeid med eksterne aktørar

Ei årsak til styrka relasjonar til eksterne aktørar, kan vere at mange av prosjekta har hatt eksterne samarbeidspartar i gjennomføringa. For alle prosjekta har det vore viktige eksterne samarbeidsaktørar. Vi ser at 40 % av dei regionale og 20 % av dei bedriftsretta prosjekta har delfinansiert prosjekta med finansiering frå andre offentlege aktørar. Dette kan vere ei årsak til å kople eksterne aktørar til gjennomføringa, ei anna årsak kan vere å skaffe komplementær kompetanse. Samanhengen mellom kven ein har samarbeidd med og kven ein har fått styrka relasjonane til er tydeleg. Vi ser også at aktørprofilen er den same for regionale og bedriftsretta prosjekt; dei regionale prosjekta har i større grad hatt eksterne samarbeidspartar blant offentlege aktørar og verkemiddelapparatet, medan dei bedriftsretta prosjekta i stor grad har samarbeidd med leverandørar og konsulentar. Både dei bedriftsretta og dei regionale prosjekta har samarbeidd i større grad med FoU-miljø utanfor fylket enn med miljøa i Sogn og Fjordane. INU har vore ein viktig samarbeidspart, viktigast for dei regionale prosjekta. Av andre aktørar som ikkje sto på den

førehandsdefinerte lista, blir det peika på Forsighth- miljø, private investorar som Trond Mohn, andre privatpersonar, idrettsmiljøet i fylket med meir.




Figur 13: Figuren viser svar på spørsmålet om kven som har vore viktige eksterne samarbeidspartar i gjennomføringa av prosjekta. (N= 36)

Regionbygging og attraktivitet

Totalt har det blitt løvvt om lag 195 millionar kroner til regionale utviklingsprosjekt i dei tre kommunane. Mange av prosjekta handlar om tiltak for å gjere regionane og kommunane meir attraktive for næringsutvikling og sysselsetting, for busetting og som reisemål. Døme på slike prosjekt kan vere «Kom til Sunnfjord», «Opplev Dalsfjorden og Fosselandet», «Fjordinkubator», «Maritimt nettverk» for å nemne nokre. Av dei tre «attraktivitetsindikatorane» lokaliseringsval for bedrifter, reisemål og busetnad er det ei klar overvekt av dei som meiner at prosjekta i stor grad har påverka bedriftsetableringa, at kommunane og regionen har blitt meir attraktiv som lokaliseringsstad for bedrifter. Men også at prosjekta har medverka til å gjere kommunane og regionane meir attraktive som reisemål er det ei klar oppfatning av. Satsing på reiseliv mellom ann gjennom Verdiskapingsprosjektet har vore ei stor og viktig satsing og er omtala i eit eige avsnitt.


**I kor stor grad dei regionale prosjekta har påverka
kor attraktiv kommunane er som lokalisaeringsval
for bedrifter, busetting og som
reisemål**



Figur 14: Viser korleis representantane frå dei regionale prosjekta ser på eigne prosjekt sin påverknad på attraktivitet i virkeområda. (N=25)

Styrking av kunnskapsgrunnlaget for lokal og regional utvikling.


Auka kunnskap om kva som påverkar lokal og regional utvikling, og tiltak for å styrke kommunane og regionane gjennom meir målretta tiltak har vore målet for fleire av prosjekta. Noko av det som kom fram i den første rapporten om flaskehalsar i innovasjonsarbeidet var mangel på kompetanse, og tid til å drive innovasjonsarbeidet. I tillegg vart det konkludert med at det er ein veg å gå for å utvikle sams syn mellom aktørar i Sogn og Fjordane på kva skal til for vidare utvikling. Døme på kompetanseprosjekt er sub-sea utdanninga i Florø og satsing på energiretta FoU gjennom samarbeid mellom energiselskapa og høgskulen i Sogndal. Vi har spurt representantane frå dei regionale prosjekta om i kva grad dei vurderer at prosjekta har medverka til auka kompetanse, både realkompetanse og formalkompetanse, i nedslagsfeltet for prosjekta. I tillegg har vi bedt representantane vurdere i kva grad prosjekta har medverka til å styrke, sikre eller etablere arbeidsplassar i operasjonsområdet for prosjektet. Om lag halvparten av informantane svarar at dei meiner prosjekta i stor grad har medverka positivt.



Figur 15: Viser i kva grad dei regionale prosjekta blir vurdert i høve til å ha medverka til auka kompetanse og til å sikre /etablere arbeidsplassar. (N=23)

Regional og lokal effekt

Verkeområdet for INU er dei tre kommunane Flora, Førde og Sogndal. Dei bedriftsretta midlane har gått i si heilheit til bedrifter i desse tre kommunane. Når det gjeld dei regionale midlane, har desse blitt tildelt prosjekt og satsingar som har hatt adresse også utanfor primærområdet, til dømes Jølster skisenter og Harpefossen skisenter, og dei har blitt nytta til prosjekt som har hatt ei utvida regional interesse som til dømes Regionhamn Sunnfjord. Vi har difor spurt representantane for dei regionale prosjekta i kva geografisk område prosjekta har hatt effekt.




Figur 16: Viser kva geografisk område dei regionale prosjekta blir vurdert å ha hatt effekt på. (N=24)

Vi ser her at dei regionale prosjekta i størst grad har hatt effekt lokalt og i den regionen prosjektet har operert.

Organisering og gjennomføring


INU- ei ubyråkratisk og godt kjent ordning som treff brukargruppa og har utløysande effekt?

I den første INU- rapporten vart det konkludert med at representantane frå ferdigstilte prosjekt i all hovudsak hadde eit positivt syn på INU-FSF si støtteordning. Mest positive var dei som representerte dei regionale prosjekta, medan dei var meir etterhaldne når det gjaldt spørsmålet om kor vidt dei oppfatta ordninga som ei ubyråkratisk ordning. Det motsette bildet vart teikna av dei bedriftsretta prosjekta. Dei var meir etterhaldne når det gjaldt utløysande effekt mot andre typar midlar og også kor godt dei trefte deira behov. Dersom vi ser på i kva grad midlane har hatt utløysande effekt, ser vi framleis at dei regionale prosjekta i langt større grad er samd i at midlane har hatt utløysande effekt. 70 % av dei regionale svarar bekreftande på dette medan 50 % av dei bedriftsretta prosjekta er einig i det.



Figur 17: Viser kor viktig INU- midlane har vore for å løyse ut andre midlar (N=39)


Kor godt kjend ordninga er, og i kva grad ho blir opplevd å vere ubyråkratisk eller ikkje er det framleis litt ulik oppfatning av. Dei som svarar på vegne av dei regionale prosjekta er no mest samd i at det er ei godt kjend ordning.



Figur 18: Kor godt kjent er INU-ordninga (N=39)

INU- ordninga blir heller ikkje oppfatta å vere byråkratisk, om lag 50 % av informantane er samde i at ordninga ubyråkratisk, medan 30 % svarar både /og.


INU- ordninga blir oppfatta å vere ubyråkratisk



Figur 19: viser svar på spørsmål om informantane oppfattar INU-ordninga som ei ubyråkratisk ordning. (N=39)

Vi har difor spurta kor godt INU-FSF si støtteordning treff behovet til bedriftene og organisasjonane. 76 % av dei regionale prosjekteigarane meiner at ordninga treff godt deira behov medan 60 % av dei bedriftsretta prosjekta meiner det same. Det er fleire av dei bedriftsretta prosjekta (40%) som er usikre/ usamde i at ordninga treff deira behov. Konklusjonen er likevel at INU- ordninga blir opplevd å vere godt tilpassa behovet. Her er det viktig å vere klar over omlegginga frå å vere ei ordning vesentleg innretta mot bedrift spesifikke behov til i dag å vere ei ordning der ein har valt å satse på regionale fellesprosjekt.

INU- midlane treff godt behovet til målgruppa




Figur 20: Kor godt opplever målgruppa at INU- ordninga treff behovet (N= 39)

Addisjonalitet og vidareføring

Addisjonalitet er i denne samanheng om støtteordninga har ført til realisering av prosjekt som elles ikkje ville blitt realisert. Vi ser det same mønsteret no som i den

Har INU- midlane vore utløysande for gjennomføring av prosjekta?




Figur 21: Ulike grader av addisjonalitet av INU- prosjekta. (N=39)

første rapporten; regionale prosjekt ser ut til å ha størst addisjonalitet, 28 % svarar at prosjekta ikkje hadde blitt gjennomførde, ingen av dei bedriftsretta vurderer støtta frå INU så avgjerande at prosjekta ikkje hadde blitt gjennomførde utan støtte. Derimot svarar 41 % av dei regionale og 20 % av dei bedriftsretta prosjekta, at prosjekta hadde blitt gjennomførde i eit mindre omfang og på eit seinare tidspunkt. På spørsmålet om prosjekta hadde blitt gjennomførde utan endringar, i same skala og tidsskjema, svarar 40 % av dei bedriftsretta prosjekta ja, 7 % nei.

Konklusjonen er at INU- midlane har vore viktigast for å få gjennomført regionale prosjekt. Bedriftene ville i stor grad ha gjennomført prosjekta uavhengig av støtta, medan mange av dei regionale prosjekta utan støtte frå INU hadde blitt utsette og/eller reduserte i omfang.

Men kva skjer med prosjekta etter at prosjektperioden er over, korleis blir dei følgt opp vidare i organisasjonen eller bedrfta? Blir dei integrert i ordinær drift eller har det blitt generert nye prosjekt? Her er det viktig å vere klar over at den tematiske satsinga INU-FSF har valt å styre etter inneber at mange av dei regionale (og enkelte bedriftsprosjekt) frå 2009 til 2013 har blitt gjennomførde meir eller mindre som eit prosjekt med ulike milepælar. Døme på det kan vere SFE m. fl. si satsing på energiretta FoU, Verdiskapingsprosjektet og FoU- prosjektet til Havlandet Marin Yngel.


På dette spørsmålet var det høve til å krysse av for fleire alternativ fordi mange av informantane svarde på vegne av fleire prosjekt. Dei bedriftsretta prosjekta har enten gått inn i vanleg drift i bedrfta eller dei har blitt vidareført i nye prosjekt. For dei regionale prosjekta er bildet litt meir variert. Her svarar om lag 60 % av informantane at prosjekta også har blitt vidareført i nye prosjekt av andre.



Figur 22: Kva skjer med prosjekta etter gjennomføring? (N=39)

Flaskehalsar i INU- prosjekta

Som vi peika på i den første rapporten, viser også denne evalueringa at økonomi er den største flaskehalsen for gjennomføring av INU- prosjekta totalt sett. I denne evalueringa er det fleire av representantane frå dei bedriftsretta prosjekta (44 %) enn frå dei regionale prosjekta (32 %) som meiner at økonomiske ressursar er den største flaskehalsen. Men like viktig er det at om lag 20 % av begge informantgruppene oppgjev at det ikkje er flaskehalsar i det heile. Offentlege regleverk blir av 10 % av dei bedriftsretta prosjekta oppfatta å vere ein flaskehals, medan ingen av dei regionale ser på dette som eit problem for gjennomføringa. For omlag 25 % av dei regionale prosjekta blir det trekt fram ulike andre flaskehalsar i samband med gjennomføringa, som involvering og medverknad, skiftande tolking og praksis frå INU, kortsiktige rammeavtaler og ulike fysiske avgrensingar.



Figur 23: Dei viktigaste flaskehalsane ved gjennomføring av INU- prosjekta. (N=39)

Tettstadsutvikling og infrastrukturtiltak

Tettstadsutvikling og satsing på ulike infrastrukturtiltak har vore prioriterte satsingsområde i INU-FSF i heile perioden 2007 – 2013. Frå 2009 har det vore sett av øyremerka midlar til tettstadsutvikling, i starten 1 mill. per kommune, frå 2010 3 mill. til Førde og Florø, 1,5 mil. til Sogndal. Av større infrastrukturtiltak kan ein nemne fjernvarmeanlegg i Førde og Sogndal, Byparken i Førde, sentrumsplanlegging i Flora med meir. Til saman har dei tre kommunane bruk om lag 46 millionar kroner på tettstadsutvikling og andre infrastrukturtiltak. Vi har i denne sluttevalueringa valt å sjå nærmare på korleis kommunane har satsa på tettstadsutvikling, og kva erfaringar dei har gjort seg så langt i dette arbeidet.

Vi veit at innbydande lokale og regionale sentrum der mellom anna «mjuke verdiar» er veklagt, er med på å heve attraktiviteten til eit område (Dvergsdal et.al.2013). Sjølv om lett tilgang til natur og friluftsliv er ein av dei store fordelane med å flytte til Sogn og Fjordane og bu her, vil mange samstundes ha tilgang til det urbane livet. Florø, Førde og Sogndal som tettstadar i regionen vil kunne spele ei hovudrolle, medan omlandskommunane støttar opp om «urbaniseringstiltaka».

Frå andre undersøkingar, veit vi også at attraktiviteten til desse og andre kommunar, særleg ligg i det at mange søker noko anna enn det for eksempel hovedstaden kan tilby. I alle fall gjeld dette når ein skal rekruttere høgt utdanna arbeidskraft². For det første ligg det i ein grad av det ein kan kalle «ei alternativ grunnhaldning» til grunn for mange av dei som ønsker å bu i distrikts Norge, både i form av ein «storbyskapsis» og gjennom ei vektlegging av kvalitetar knytt til natur, friluftsliv og fritidsaktivitetar elles.

Flora kommune

Flora kommune valde i starten (fram til 2011) å nytte midlane til tettstadsutvikling på mange mindre prosjekt rundt om i kommunen. Døme på tiltak som vart støtta er sentrumsutvikling og utsmykking av Florø og Eikefjord sentrum, støtte til ulike prosjekt for å styrke opplevingsbasert kultur og fritidstilbod, og støtte til utvikling/styrking av infrastruktur/samferdslestiltak. I 2010 vart midlane fordelt på totalt 11 større og mindre prosjekt. Frå 2011 har pengane i hovudsak gått til to prosjekt, Sørstrand folkepark og oppgradering av turstinetverket.

Ordføraren har fått delegert myndighet til å fordele midlane. For kommunen har desse midlane gjort det enklare å satse på tiltak som elles ville ha mått blitt gjenstand for prioritering opp mot andre kommunale oppgåver. I tillegg har kontinuiteten gjennom prioritering av tettstadsutvikling frå INU gjort at ein kan tenkje meir langsiktig og heilskapleg på tiltak som kan gjere Florø meir attraktiv som bu- og arbeidsstad. Neste steg i planen om tettsatsutvikling i Florø er å gje enklare tilgang til sjøen i sentrum, etablering av «den blå promenade» der private utbyggjarar i samarbeid med kommunen står for den fysiske tilrettelegginga.

Tettstadsutviklingsprosjekta har involvert mange eksterne aktørar, både private og frivillige lag og organisasjonar. Ein effekt av prosjekta er difor auka mobilisering av andre, frivillige og næringsliv, til dugnad og utviklingsarbeid.

Førde kommune

² Båtevik, F. O, Yttredal, E. R. og Hanche-Olsen, M (2013). Kompetanse for ei kunnskapsintensiv framtid. Kva gjer marine og maritime arbeidsplassar attraktive for høgt utdanna arbeidskraft? Volda: Møreforsking

Førde er ein av få stadar i Sogn og Fjordane som opplever vekst i folketalet, og er eit klart definert sentrum i ein bu- og arbeidsmarknadsregion med om lag 40 000 innbyggjarar. Førde sentrum er viktig som handelsstad, arbeidsstad og kulturstad.

Førde sentrum var i ferd med å få eit negativt rykte som tettstad, der estetiske verdiar var lite vektlagt og byen vart av mange oppfatta å vere mest tilrettelagd for bil og biltrafikk. Politikarane har valt å satse systematisk og gjennomført på å snu dette negative imaget, for at Førde sentrum skal bli oppfatta som ein triveleg tettstad med meir vekt på estetiske og «mjuke» verdiar. Difor sette kommunen i gang eit større tettstadsutviklingsprogram, også kalla «Drammensmodellen», der målet er å utvikle eit meir estetisk og funksjonelt sentrum mellom anna med meir fortetting av sentrum, meir liv i sentrum ved å legge til rette for at fleire kan bu der, tilrettelegging for mjuke trafikantar til fots og på sykkel med meir. Betre tilrettelegging for gåande og syklande er ein del av dette, og det er sett i gang eit større prosjekt for å gjøre sentrum betre tilrettelagd for mjuke trafikantar. I programmet inngår det fleire konkrete tiltak som etablering av ein gangsti langs elva gjennom sentrum, (samarbeid med NVE), etablering av sykkelstiar, etablering av parkområde med meir.

Kommunen ser på INU- midlane som særskilt viktige for at desse tiltaka har vore moglege å gjennomføre. I følgje kommunen har det vore brei semje politisk om desse prosjekta, næringslivet har også støtta fullt og heilt opp om tiltaka. Tiltaka er, ifølgje ordføraren, i ferd med å endre den negative oppfatninga av Førde sentrum , og er med å auke patriotismen for kommunen og regionen, og har bidrøge til ein meir urban tøtsj. Storparten av pengane frå INU har gått til sentrumsutvikling gjennom tiltak som etablering av gangstiar, grøntområde med meir.

Kommunen oppfattar INU- ordninga som lite byråkratisk, og etter at sakshandsaminga er harmonisert med andre støtteordningar frå Fylkeskommunen, blir ordninga opplevd som ryddig og oversiktleg. Det å kunne nytte eksterne midlar til tiltak som av mange blir oppfatta å vere «kantiltak» i ein kommune, gjer at ein unngår diskusjonar om prioritering mellom mange andre «måoppgåver». For Førde sin del har INU- midlane også vore viktige for å løyse ut andre midlar, som til dømes midlar til flaumsikring frå NVE.

Kommunen tenkjer at det også i framtida er eit poeng at INU- midlane i størst mulig grad blir nytta til større satsingar som del av ein felles strategi for regionen. Kommunen peikar på at det også for framtida er viktig at INU- midlane ikkje vert delt ut og fragmentert i små porsjonar men at fordeling av midlane skjer i samsvar med ein strategi der ein samlar seg om større prosjekt som kan løfte heile regionen. Industriområde Sunnfjord Næringspark kan vere eit døme på eit stort felles regionalt prosjekt som kunne vore eigna til å finansiering gjennom INU.

Sogndal kommune

Sogndal har brukt INU- midlane til utvikling og opparbeiding av ein park i sentrum rundt kommunehuset. Midlane har vore nytta til fysiske investeringar og innløysing av ein eigedom for å gje plass til parken. Totalkostnaden med parken er på om lag 16 mill. kr, som i tillegg til INU er finansiert med midlar frå parkeringsselskapet i Sogndal og midlar frå Fylkeskommunen. I tillegg er det sett i gang arbeid med å tilrettelegge ein sti langs fjorden, «Fjordstien», som vil gje allmenn tilgang til fjorden i «Sogndalsfjøra». Opparbeidinga av anlegget vil starte i 2014. Det politiske miljøet har i stor grad vore samde om satsinga på sentrumsutviklinga, men utan finansieringa frå INU ville prosjekta ikkje blitt gjennomført i same omfang og med same tidsperspektiv. Sjølv om satsinga på

sentrumsutvikling er resultat av ei klar prioritering, har det stor betyding å få tilført eksterne midlar som slepp å konkurrere mot andre viktige kommunale oppgåver.

Kommunen ser på tettstadsutvikling som eit tiltak som kjem heile regionen til nytte, ei oppfatning som i stor grad er delt av nabokommunane. At Sogndal lukkast som regionsenter er viktig også for nabokommunane. INU- midlane har vore med å sett fokus på estetiske sentrum og kva det har å sei for attraktiviteten for Sogndal som kommune- og regionsentrum. I tillegg har arbeidet med sentrumsutvikling gitt ei større forståing for betydninga og tilrettelegging av urbane kvalitetar som er viktige både for den enkelte og for næringslivet i høve til å sikre og rekruttere arbeidskraft til regionen. Kommunen meiner at prosjektet har vore ein av fleire tiltak som har bidrige til at kommunen har fått auka busetting.

Dei tre kommunane er merksame på at INU- midlane indirekte kan vere med å påverke Fylkeskommunen si prioritering av andre utviklingsmildar til kommunane. Dei er tydelege på at det i så fall blir feil i og med at dette er ei kompensasjonsordning for at næringslivet betalar høgare prosentsats i arbeidsgjevaravgift.

Oppsummering tettstadsutvikling

Ein stad sin attraktivitet er vanskeleg å måle. Å vere merksam på eigen attraktivitet, på sterke og svake sider og ta vertskapsrolla på alvor, er viktig for ein kommune og ein region. Utvikling av attraktive tettstadar er ein viktig del «vertskapsrolla» og bidrar til å gjøre staden meir attraktiv for den enkelte og for næringslivet. Dei tre kommunane har, på litt ulikt vis, valt å prioritere tiltak som skal gjøre kommunen meir attraktiv som bu- og arbeidsstad, ut frå eit kommunalt, men også eit regionalt perspektiv. Flora har i større grad valt ei «desentralisert» satsing ved også å støtte prosjekt som ligg utanfor kommunenesenteret. Kommunane er beviste på den «vertskapsrolla» dei har, både i eigen kommune, og som regionsenter. Dei tre kommunane har ei oppfatning av at dette er ei rolle som er akseptert også av omlandskommunane. Elles er kommunane samstemte i at tematisk satsing gjennom fleirårige handlingsplanar er bra og bør halde fram. Satsing på tettstadsutvikling er noko som også næringslivet støttar opp om. Etter at fylkeskommunen har teke over sakshandsaminga, har sjølve prosessen med tildeling blitt noko meir byråkratisk, men meir harmonisert med andre regionale utviklingsmidlar. Kommunane er opptekne av at tildeling gjennom kompensasjonsordninga ikkje må gå ut over prioritering av andre regionale utviklingsmidlar.

Flora valde i starten ein «desentralisert» modell for bruk av tettstadsmidlane ved å støtte fleire mindre prosjekt rundt om i kommunen. Førde og Sogndal har valt å satse meir på «ein hest», utvikling av kommunenesenteret. Flora har dei to siste åra gått i retning av ein meir sentralisert bruk av midlane lik Førde og Sogndal.

Døme på bedriftsretta prosjekt

I den første rapporten såg vi nærmare på tre bedriftsretta prosjekt, Florø mekaniske verkstad, (Florø) Havlandet Marin Yngel (Florø) og Slinde Transport (Sogndal). Vi har i samband med sluttevalueringa følgt opp dei same bedriftene for å høyre nærmare om status for dei tiltaka dei arbeidde med i 2011, kva tankar dei har om vidare utvikling med vidare.

Florø Mekaniske Verkstad AS (FMV) (Florø) vart etablert 2003, og har i dag om lag 200 tilsette, fordelt på ca. 180 i produksjon (platearbeidarar, sveistarar, rørleggarar) og 20 tilsette i leiing/administrasjon. Brorparten av dei tilsette kjem frå Austeuropa, der FMV delvis rekrutterer

direkte gjennom eigne kontaktar, delvis gjennom andre nettverk. Bedrifta er også i startfasen med å få til industrielt samarbeid med mindre industribedrifter lokalisert i tilknyting til verftsmiljøet i Gdansk. I Norge er mykje av oppdragsporteføljen knytt til Vard. Bedrifta har også oppdrag for andre, som til dømes Coast Center Base (CCB) på Mongstad.

FMV har i fleire år arbeidd med å etablere ein ny industrihall. Denne sto ferdig i 2012 til ein samla kostnad av om lag 30 millionar kr. Denne etableringa er ledd i ei ny satsing mot offshore industrien, og gjer det i tillegg mogleg å tilby fleire operasjonar, både til offshore- og skipsindustrien, til dømes maskinering, enginering og maling/lakkering. Dette er operasjonar som FMV utfører delvis sjølve, delvis saman med andre. Bygging av ny industrihall har gjort det enklare å samarbeide med eksterne partnerar, både lokalt i Florø og med bedrifter utanfrå.

Til industrihallen har bedrifta fått 1,1 millionar kroner i støtte frå INU, 10 millionar i lån frå Innovasjon Norge og 10 millionar i lån frå Sparebanken Vest. 8 millionar kroner investerer bedrifta sjølve og 5 millionar i leasing. Kommunen byggjer ny kai (60 meter lang og djupne 13 meter) i tilknyting til industrihallen som FMV skal leige. Kaia er delfinansiert av INU- midlar, og gjer det mogleg også å satse på meir arbeid knytt til offshore- og kystfiskeflåten, og skal stå ferdig sommaren 2014. Eigarane ser store moglegeheter i denne bransjen, men for å vende seg mot denne marknaden er verksemda avhengig av ISO- sertifisering. Bedrifta har vore godkjende i Achilles sidan januar 2010, men det krev tid å etablere dette i praksis. Bedrifta arbeider vidare med å utvikle kvalitetssystemet med tanke på ISO 9001 og ISO 14001 sertifisering så raskt som mogleg.

Rigg og offshoremarknaden er komplisert med store svingingar i pris og konkurransesituasjonen, avhengig av marknaden. Informanten peikar på at for å kunne operere i denne marknaden må ein vere «tett på» for å vere oppdatert og kunne konkurrere. Bedrifta er likevel optimistiske for framtida, både når det gjeld samarbeidet med Vard og i høve til å utvikle nye forretningsområde. FMV orienterer seg ikkje aktivt inn mot verkemiddelapparatet og synest det er vanskeleg å få støtte til dei tiltaka dei har mest behov for hjelp til. Det vert nemnt at det er vanskeleg å få støtte til mjukare investeringar som til dømes HMS. Spesielt i starten av arbeidet med utanlandske arbeidstakarar var det store sosiale utfordringar knytt til bustadríggar, men bedrifta har ikkje fått hjelp til å handtere desse utfordringane.

Havlandet Marin Yngel AS (Florø) hadde i 2012 ein produksjon på om lag 11 millionar torskryngel, kvaliteten har i følgje selskapet aldri vore betre. I løpet av 10 - 12 år er det gjort store biologiske framsteg. Den avlsmessige verdien av utviklingsarbeidet er stipulert til om lag 15 kr per kilo fisk, noko som representera store verdiar i produksjon. Samla oppdrettsvolum i år vil vere om lag 1,3 mill fisk, neste år ligg det an til ein reduksjon til ein stad mellom 0,6 – 1 mill. fisk per år.

Torsk har i dag fått ei buklanding etter å ha vore gjennom ulike fasar med oppturar og nedturar sidan oppstarten. Starten rundt 2000 skjedde på eit tynt kunnskapsgrunnlag som vart forsøkt kompensert med kapital i store mengder. Mykje prøving og feiling der mellom anna Innovasjon Norge var med å delfinansiere 23 yngelanlegg, skulle legge grunnlaget for produksjon av torsk i stor skala. Marknadsarbeidet vart forsømt, dei første åra var det lite villfisk i marknaden og ein trudde at ein kunne konkurrere på like vilkår. Næringsa vaks fram til 2008 då finanskrisa slo inn for fullt og langt på veg stoppa tilgangen til kapital, samtidig som prisane på fôr gjekk opp med nær på 40 %.

Forbrukarane ute i Europa måtte sjå seg om etter billegare alternativ enn torsk, og prisane på slaktefisk fall med 40 %. Sidan har produksjonen i Norge gradvis avteke fram til 2013. For to år sidan var næringa (og Havlandet Marin Yngel) der ein trudde ein var, biologisk, når ein starta i 2000. Gjennom systematisk avl og yngelproduksjon meiner ein å ha lagt grunnlaget for ei økonomisk berekraftig oppdrettsnæring av torsk, der mellom anna utvikling av vaksinar har lagt grunnlaget for vesentleg mindre medisinbruk og betre vekst på fisken. Gjennom avl har ein fått fram fisk som er å betrakte som husdyr. Konsekvensane av det er mellom anna ein rolegare fisk som veks betre og i mindre grad er utsett for rømming. I tillegg har det vore gjort framsteg på utstyrssida, mellom anna med betre nøter som også bidrar til mindre rømming.

Informanten peikar på at næringa er ei lita og skjør næring med vanskeleg tilgang på kapital. Næringsa er i dag lokalisert i Sogn og Fjordane, regionen med best tilvekst i sjø, med unntak av eit anlegg i Rogaland. Det er i dag ein liten optimisme blant dei få som er att (tre matfiskaktørar + Havlandet). Årsakene er at det er kome i gang eit nytt slakteri i Kalvåg der handtering og utnytting av fisk og biprodukt så langt har gitt seg utslag i betre pris til produsentane og større fleksibilitet. Prisane er i haust oppe att på nivået som var i 2008. Dette har med fleire forhold å gjere; mindre kvantum i marknaden, betre organisering av slakting og sal, samstundes som det er høgare pris i marknaden. Oppdrettstorsken sine produksjonskostnadene er blitt halvert, og generasjonstida er halvert, til 2 år, samanlikna med tilhøva for 10 år tilbake.

Oppdrett av torsk har kjøpt seg eit dårleg rykte gjennom alle emisjonane som har vore tidlegare. Sjølv om dei som er aktive i næringa er meir optimistiske no enn for litt sidan er trua frå andre på næringa svekka, difor heng næringa på mange måtar i ein tynn tråd i dag. Det er difor eit paradoks at ein samstundes opplever stor interesse frå utlandet (Kina og Chile) for å kjøpe stamfisk og yngel til å bygge opp eit stort omfang av landbaserte anlegg. I Norge er slike anlegg ikkje økonomisk berekraftig.

Dei store mengdene med skrei ute i markanden i Europa har skapt eit «sug» i ettermarken etter torsk. Dette er positivt for oppdrettsnæringa. Havlandet, i samarbeid med dei tre oppdrettsanlegga har difor søkt Innovasjon Norge om marknadsstøtte til eit forprosjekt der ein mellom anna skal avklare vidare strategi for næringa inn mot marknaden. Skal oppdrettstorsk marknadsførast som eit sesongprodukt på ettersommaren (etter skrei-sesongen) eller skal ein i større grad satse på bearbeidde produkt som er tilgjengelege gjennom heile året og gjennom bevist merkevarebygging oppnår differensiering til villfisken.

Mykje av forskinga i dag har ikkje eit kommersielt fokus, noko som gjer at aktørar som Havlandet i mindre grad har nytte av FoU-aktivitetene. Eit av problema er at pilotprosjekt ikkje let seg kommersialisere i større produksjonsomfang. Kanskje burde modellen frå landbruk med forsøksgardar vore overført til havbruk? At Norge i liten grad er med på vidare satsing på torskeoppdrett meiner Havlandet mellom anna skuldast mangel på kunnskap, og at Innovasjon Norge med hovudfokus på økonomisk inntening ikkje i tilstrekkeleg grad har vore villig til å vere med «i gode og onde dagar». Å spreie innsatsen på så mange aktørar meiner Havlandet har vore ein feislslått strategi, ein burde heller ha satsa på færre og vore med gjennom nedturar (konsolideringsfasa) for å kunne vere med heilt til mål. Støtte frå tiltaksapparatet (Fylkeskommunen/INU) har for Havlandet vore viktig, både psykisk og økonomisk. Havlandet nemner også at dei har motteke viktig støtte frå Innovasjon Norge, Sogn og Fjordane over fleire år.

Slinde Transport AS (Sogndal) er eit transportfirma lokalisert på Slinde i Sogndal kommune. I tillegg til transportoppdrag er firmaet engasjert i reiselivsaktivitet og eigedom. Slinde Transport er i dag ikkje råka av ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift.

Slinde transport kjøpte i 2006 ein eigedom i Lærdal (tidlegare Ljøsne skule) der dei har arbeidd med å etablere ein “transportbase” som primært skulle nyttast som kvileplass for sjåførar som kører på ruta Oslo - Bergen. Bygget har blitt rusta opp og innreia med plass til 15 sjåførar som har tilgang til dusj/wc og andre nødvendige fasilitetar, i tillegg til overnatting.

Lærdal si strategiske lokaliseringa på linja aust – vest peikar på behov for ein droppestasjon der gods som skal over på linja nord – sør kan bli lasta om. Planen har vore å få utvikle ein transportterminal, eit sørvispunkt der både bil og sjåfør kan få sørvis, primært tungtrafikken, i tillegg til at gods kan lastast om for vidare transport nordover. Dette arbeidet er no fullført, og det er investert om lag 15. mill. kroner i ein kombinert gods- og sørvisterminal som sysselset 10 mann. I tillegg har Statens vegvesen ein kontrollstasjon i Lærdal som er tilnærma døgnopen.

Lærdal kommune har vore viktige samarbeidspartnarar i samband med etableringa av anlegget. INU har støtta utbygginga gjennom fleire omgangar med til saman med 580.000 kroner. Den siste investeringa er finansiert med eigenkapital.

Kontakten mellom INU- og bedrifta har vore avgrensa til årleg informasjon om årsmøte etc. Innovasjon Norge har vore sakshandsamar på dei konkrete prosjekta og det viktige kontaktpunktet for bedrifta. Bedrifta har opplevd å vere på sidelinja av INU- systemet sjølv om dei er ein del av målgruppa. Avstanden til INU opplever dei å vere stor. Ei betre koordinering med Innovasjon Norge sine bedriftsretta program oppfattar bedrifta ville vore betre for næringa og næringslivet generelt.

Satsing på reiseliv

Satsing på reisleiv har vore eit satsingsområde i heile perioden 2007 – 2013. Vi peikte ved fleire høve i den førre rapporten på at noko av forklaringa på dei forskjellige funna mellom bedriftsretta og regionale prosjekt botna i gruppa informantar vi har vore i kontakt med. Dette gjaldt til dømes effektar knytt til innovasjon, arbeidsplassar og addisjonalitet. Vi valde mellom anna derfor å gå nærmare inn på det klart største regionale prosjektet i INU – Verdiskapingsprosjektet. I denne siste effektevalueringa har vi spurt dei same aktørane som sist, i tillegg til nye prosjekt som er gjennomførde i 2011 og 2012. Til saman har det blitt løyvt om lag 34 millionar kroner til reiselivsprosjekt i heile perioden.

Verdiskapingsprosjektet var eit reiselivsprosjekt med målsetjing om: 1. Å auke turisttrafikken i mai og september med ti prosent meir enn gjennomsnittet for Fjord Norge kvart år i prosjektpérioden. 2. Å sikre tilfredsstillande lønsemd i næringa. Arbeidet har vore organisert i fire aktivitetar. Basisaktiviteten skal gjere produkt tilgjengelege gjennom å utvide ferje-, buss-, og båttilbod på enkelte strekningar og betre samordning mellom buss, ferje og båt. Enkelte attraksjonar, overnattings- og spisestadar er også plukka ut for å få til ein utvida sesong. Aktivitet to har fokusert på informasjon, profilering og marknadsutvikling. Aktivitet tre har hatt fokus på distribusjon, booking og sal, medan aktivitet fire har hatt fokus på kompetanseheving og produktutvikling.

Totalt vart det løyvt 19,5 millionar kroner frå INU til prosjektet i perioden 2007-2010. Størstedelen av satsinga gikk til basisaktiviteten. Prosjekteigarar var Visit Sognefjord AS, Vestkysten Reiseliv

AS og Fjord1 Fylkesbaatane. Frå 2011 – 2013 har støtta frå INU til reiselivet vore forvalta direkte frå Fylkeskommunen, som i stor grad har følgt den same profilen som tidlegare. I denne perioden har 33 prosjekt blitt støtta med til saman om lag 7,5 millionar kroner.


Vi har prøvd å gå djupare inn i prosjektet for å sjå på kva verknader prosjektet har hatt på

- Tilgjengeleghet
- Omsetning og tal turistar
- Om tilboda vert halde oppe utan Verdiskapingsprogrammet

Vi har også sett nærmere på sterke og svake sider ved prosjektet. For å få ei slik oversikt har vi intervjuat personar som har vore involverte i prosjektet.


Tilgjengeleghet: Verdiskapingsprogrammet har utvida reiselivstilboda og tilgjenge til ulike attraksjonar i perioden. Tilskota har vore avgjerande for at fleire av aktørane har hatt utvida opningstider. Ein del av til dømes buss- og ferjetilbod ville ikkje vore oppretthalde utan tilskot. På marknadssida er resultata meir usikre. Planane om felles booking vart skrinlagt mellom anna av mangel på gode løysingar. Ei utfordring som det blir peika på, er at marknadsføringa blir vanskeleg fordi til dømes rutetilboda for dei utvida båtrutene på Sognefjorden berre blir oppgitt eit år om gongen, og at det er naudsynt å halde oppe tilbod over ei viss tid for å sjå effektar. Elles blir det peika på betra tilgjengeleghet til ulike attraksjonar i skuldersesongane vår og haust.

Omsetning og tal turistar: I rapporteringa frå Verdiskapingsprogrammet til INU vert det vist til statistikk som viser auke i turistradisjonane i skuldersesongane. Våre undersøkingar tyder også på ei positiv utvikling i omsetning. Hovudfunnet er likevel at det, som forventa, er vanskeleg å talfeste konkret effektane av slike tiltak. Dette skuldast delvis at det ikkje finst gode tal for samanlikning, men også at andre forhold, som til dømes veret, i så stor grad påverkar kva det er mogleg å oppnå. Eit døme på dette er til dømes båtturar til Selje kloster der tal turistar auka vesentleg frå 2008 – 2009, for så å gå ned i 2010.




Figur 24: viser endringar i tal overnattingar, alle land, 2012. Kjelde statistiknett.com

Vi har ikkje tal som er samanliknbare med andre delar av Fjord Norge for heile perioden, men vi har tal for delar av perioden når det gjeld tal overnattingar, alle kategoriar (hotell, camping, hytter elles.). Samla tal overnattingar (hotell, camping, utleigehytter) viser ei auke for Sogn og Fjordane for perioden 2010 – 2012 på 5,8 %. Til samanlikning har Møre og Romsdal ei auke på 4,6 % og Hordaland på 3,4 (sjå figur 25).



Figur 25: viser tal overnattingar, alle kategoriar, 2012. Kjelde Statistikknett.com

For hotellovernattningar er det tilgjengeleg statistikk på regionnivå, tala viser at Sogn og Fjordane har ein liten nedgang, medan det er uendra for dei to andre fjordfylka. Sogn og Fjordane har ein marknadsandel på 2,35 % av hotellovernattingane i Norge for 2012. Dette er ein liten nedgang frå 2011 (2,55 %). På regionnivå viser statistikken at Sunnfjord og Fjordkysten har ein liten oppgang, medan Sognefjord har ein liten nedgang.



Figur 26: viser marknadsandelar for hotellovernattning - region og fylke. Kjelde Statistikknett.com.

Lite tyder på at det er mogleg å halde oppe tilboda i Verdiskapingsprosjektet utan støtte. Ein del av tilboda vil falle heilt vekk fordi tilbydarane ikkje har høve til å ta heile risikoen åleine. Nokre tilbod vert truleg oppretthaldne, men på eit lågare nivå.

Av sterke sider, vert det av dei vi har intervjuat, peika på at Verdiskapingsprosjektet har medverka til å opprette og oppretthalde produkt som elles ikkje hadde vore mogleg. For mange er kundegrunnlaget for lite til å kunne generere nok omsetning for å drifta og utvikle tilboden. Difor har støtta gjennom Verdiskapingsprosjektet /Fylkeskommunen vore heilt avgjerande for at det har vore eit tilbod.

Prosjektet har også løfta fram fokus på samarbeid i ei reiselivsnæring med mange små einskildaktørar. Det vert på den andre sida peika på at det er avgjerande med forutsigbarheit for produkta over lengre tid, og at det siste kanskje er noko for svakt i satsinga. Av informantane vert det også understreka at satsinga på marknadsføring kunne vore styrkt, og at det kunne vore betre koordinert marknadssatsing. For opplevelingstilboda kan det sjå ut til at turistane er mindre viktige enn tilbod til lokale og regionale grupper. Informantane peikar også på at fokus moglegvis kunne vore større på å utvide produkta i sesongen, heller enn å utvide tilboda i skuldersesongane.

4. Samla oppsummering av dei viktigaste funna

Ei overordna vurdering

INU har valt å prioritere regionale tiltak i aukande grad, i staden for direkte bedriftsretta tiltak. Det oppfattar vi er ut frå ei strategisk satsing på infrastruktur som grunnleggande viktig både for næringslivet og samfunnet elles i dei tre kommunane og omlandskommunane. Infrastruktur, tettstadsutvikling og kompetansebygging er tre stikkord for dei strategiske satsingane gjennom INU. Det kan sjå ut som dette har vore med å bidrege til styrking og bygging av nye alliansar mellom sektorane som på sikt vil ha positiv effekt for utvikling i regionane.

Dei fleste næringane står i dag for produktutvikling og ein produksjon som krev høg kompetanse på alle nivå, ikkje berre frå høgskular og universitet. Det inneber at utdanningsbehovet vil vere samansett og variert og i stadig endring. Nettverk og kunnskap som kryssar grensene mellom ulike sektorar er difor viktig for å fange opp behov og legge til rette for relevant type kunnskap. Virkemidlar gjennom INU har vore viktig i så måte.

Støtta gjennom INU har i liten grad medverka til etablering av nye bedrifter, men den har vore viktig for å sikre og utvikle arbeidsplassar i verkeområdet.

«Støtten vi fikk har vært utrolig viktig for utviklingen av involverte selskaper, nettverksbygging, kompetanseheving, innovasjon og markedsforståelse. Dette har gitt og vil gi uttelling» (bedriftseigar).

INU som støtteordning er etter kvart godt kjent, den treff målgruppa godt, og den blir opplevd i stor grad å vere enkel og ubyråkratisk. INU- midlane har vore viktigast for regional utvikling, men har også vore viktig for mange av bedriftene.

Evalueringa viser at prosjekta i stor grad har påverka nyskaping, innovasjon og kompetane i bedriftene, og at dei har medverka til å styrke relasjonane til ulike eksterne aktørar.

Resultata av 250 millionar utviklingskroner gjennom INU er mange. Effektane av midlane som er satsa gjennom 160 prosjekt vil i stor grad vere effektar fram i tid. Det same er tilfelle når det gjeld auka fokus på innovasjon og nyskaping i bedriftene, og av auka kompetanse og kunnskap. Effektane av meir attraktive tettstadar, profilering av kommunane og regionane, dyrke vertskapsrolla og ta godt hand om gründerane ligg også fram i tid og er i tillegg vanskeleg å måle.

INU- midlane har generert stor aktivitet og mange prosjekt som i tillegg til støtte gjennom INU har blitt finansiert med eigenkapital og eigeninnsats. 90 % av bedriftene svarar at dei har nytta eigenkapital som tilleggsfinansiering, men har i liten grad nytta seg av andre offentlege finansieringskjelder. Dette kan ein tolke dit hen at dei prosjekta som har vore initiert og sett i gang, har vore velfunderte og forankra i reelle behov i bedriftene. Stor vilje til å nytte eigenkapital og eigeninnsats i prosjekta underbyggjer dette. At dei bedriftsretta prosjekta i mindre grad enn dei regionale prosjekta har nytta seg av andre offentlege finansieringskjelder kan skuldast at søkerane på dei regionale prosjekta, som i hovudsak enten er offentlege aktørar eller det ein kan kalle næringsutviklingsapparatet, har betre oversikt og kjennskap til andre aktuelle kjelder. Desse har i større grad mått finne alternativ for å dekke inn eigeninnsatsen der bedriftene har valt å bruke eigenkapital.

Midlane har i all hovudsak blitt nytta til investeringar og kompetansehevande tiltak. Dei bedriftsretta prosjekta har i langt større grad gått til kompetansehevande tiltak enn dei regionale. Sjølv om det har vore investert i ein god del fysisk infrastruktur i bedriftene, er det likevel ei tydeleg satsing på kompetanseutvikling. For dei regionale prosjekta har det vore nytta ein del midlar til innkjøp av spisskompetanse. Kva dette har vore har vi ikkje data på, men det er grunn til å tru at det kan handle om ulike konsulenttenester i form av utgreiing etc.

Støtta gjennom INU har i liten grad medverka til etablering av nye bedrifter, men den har vore viktig for å sikre og utvikle arbeidsplassar i verkeområdet. «*Støtten vi fikk har vært utrolig viktig for utviklingen av involverte selskaper, nettverksbygging, kompetanseheving, innovasjon og markedsforståelse. Dette har gitt og vil gi uttelling*» (Bedriftseigar).

INU som støtteordning er etter kvart godt kjent, og den blir i stor grad opplevd å vere enkel og ubyråkratisk. INU- midlane har vore viktigast for regional utvikling, men har også vore viktig for mange av bedriftene, blant anna til kompetanseutvikling.

INU- midlane kan sjå ut til å ha vore viktigast for dei regionale prosjekta når det gjeld gjennomføring, og blir oppfatta å vere godt innretta mot dei «regionale behova». Dei regionale representantane er klart meir positive til ordninga, og oppfattar den som ei ubyråkratisk og godt kjend ordning. Når bedriftene er mindre positive både når det gjeld innretning og kjennskap til ordninga, må det kunne sjåast som ein naturleg konsekvens av den omlegginga som skjedde etter 2009. At ordninga etter kvart har blitt meir harmonisert med andre regionale utviklingsmidlar, og at INU- styret har valt å satse mest på regionale tiltak, kan sjå ut til å ha blitt oppfatta og godt motteke av dei «regionale aktørane». Totalt sett må ein likevel kunne konkludere med at ordninga har hatt ei innretning som har vore godt i samsvar med behovet til målgruppa, som både er bedrifter og regionale/lokale aktørar, og at ordninga blir oppfatta å vere rimeleg enkel å halde seg til. Det er likevel eit tankekors at 50 % av bedriftsrepresentantane gjev uttrykk for at dei ikkje kjenner ordninga godt nok og at dei er usamde i at det er ei ubyråkratisk ordning. Det eine kan nok henge saman med det andre, lite kjennskap gjev dårlegare grunnlag for å vurdere ordninga, men kan tyde på at den ikkje har vore kommunisert godt nok ut til målgruppa.

Samla sett blir oppfatninga at INU er blitt viktigare for regional utvikling enn bedriftsretta utvikling. Bedriftene er tydelege på at dei prosjekta dei har valt å starte og gjennomføre ville ha blitt gjennomførde uansett, i same omfang uavhengig av finansiering frå INU, medan dei regionale prosjekta er like tydelege på at gjennomføringa av prosjekta har vore avhengig av støtta frå INU. Utan støtte frå INU hadde prosjekta enten ikkje blitt gjennomførde i det heile eller dei hadde blitt gjennomførde på eit seinare tidspunkt og i eit mindre omfang.

Dei bedriftsretta prosjekta har etter fullføring blitt vidareført i bedrifa som ein del av den ordinære drifta, eller dei har blitt vidareført gjennom nye prosjekt i eigen regi. For dei regionale prosjekta er bildet meir nyansert. Når prosjekta i så stor grad enten går inn i drifta eller blir vidareført i nye prosjekt, er det eit uttrykk for at dei har generert resultat som enten kan nyttast direkte eller som del av ei meir langsiktig satsing. Det er difor nærliggande å dra den konklusjonen at dei bedriftsretta prosjekta i stor grad har vore godt funderte og relaterte til reelle behov i bedrifta.

For om lag halvparten av dei bedriftsretta prosjekta er knappe økonomiske ressursar den viktigaste flaskehalsen ved gjennomføringa. Noko færre (om lag 30 %) av dei regionale prosjekta opplever

økonomi som den største flaskehalsen. Når det er sagt oppgjev ein fjerdepart av informantane at dei ikkje har opplevd flasehalar i det heile.

Eit viktig funn og resultat av prosjekta, både dei bedriftsretta og dei regionale, er at bedriftene eller organisasjonane har fått styrka relasjonane til eksterne aktørar gjennom dei prosjekta som har vore gjennomførde. Dei regionale aktørane er meir overtydde om dette enn dei frå bedriftene. Når det gjeld kven desse eksterne aktørane er, kjem det klart fram at bedriftene i hovudsak har styrka relasjonane til konsulentar og leverandørar, medan dei regionale har styrka relasjonane til ulike offentlege aktørar. Sogn og Fjordane fylkeskommune, eigen kommune og FoU- miljø peikar seg ut.

Prosjekta som har vore finansierte gjennom INU har i stor grad påverka innovasjon, nyskaping og kompetanse i bedriftene. Alle representantane frå bedriftene svarar at prosjekta har medverka til auka kompetanse, 90 % at dei i stor grad har påverka både realkompetansen og formalkompetansen. Også når det gjeld innovasjon og nyskaping meiner bedriftene at prosjekta har medverka positivt til dette. Innovasjonen har i første rekkje vore knytt til produksjon og framstilling av varer og tenester, og til produktutvikling. Dei regionale prosjekta har i mindre grad bidrige til innovasjon og nyskaping.

Når det gjeld etablering av nye bedrifter ser vi at representantane i stor grad (60%) er samde om at prosjekta ikkje har bidrige til etablering av nye bedrifter.

Ein stor del av INU- midlane har gått til regionale prosjekt som på eit eller anna vis har hatt som mål å bidra til regional utvikling. Tettstadsutvikling, utbygging av infrastruktur, tilrettelegging for bedriftsetablering gjennom inkubatorsatsing, kompetansebygging med meir er stikkord for mange av dei regionale prosjekta. Over halvparten av representantane for dei regionale prosjekta meiner at prosjekta i stor grad har bidrige til å gjere virkeområdet for prosjektet meir attraktivt for etablering av bedrifter. Dei meiner også at prosjekta i stor grad har medverka til å sikre eller etablere arbeidsplassar i nedslagsfeltet for prosjektet. Nokre fleire meiner også at prosjekta i stor grad har medverka til auka kompetanse. Det kjem også tydeleg fram at prosjekta blir vurdert å ha hatt regional effekt, at effekten har kome i fleire kommunar i regionen.

Evalueringa viser at prosjekta i stor grad har påverka nyskaping, innovasjon og kompetane i bedriftene, og at dei har medverka til å styrke relasjonane til ulike eksterne aktørar. Effektane av auka fokus på innovasjon og nyskaping i bedriftene, av auka kompetanse og kunnskap ligg fram i tid. Det same er tilfelle når det gjeld betre infrastruktur, utvida rutetilbod som gjer dei mange attraksjonane betre tilgjengeleg. Effektane av meir attraktive tettstadar, profilering av kommunane og regionane, dyrke vertskapsrolla og ta godt hand om gründerane ligg også fram i tid og er i tillegg vanskeleg å måle.

referanse

Båtevik, F. O., Yttredal, E. R. og Hanche-Olsen, M (2013). Kompetanse for ei kunnskapsintensiv framtid. Kva gjer marine og maritime arbeidsplassar attraktive for høgt utdanna arbeidskraft? Volda: Møreforskning.

Båtevik, F. O., Nystrand B. T. Olsen, G. M. Staurseth, M. L. (2011) Kompetanse- og arbeidskraftbehov i den maritime næringen, en studie blant bedrifter i Møre og Romsdal.

Båtevik, F. O., & Yttredal, E. R. (2010). *VRI som innovasjonsfremjande samhandling - erfaringar frå evalueringa av VRI Møre og Romsdal per juni 2010* (Notat 9/2010). Volda: Møreforskning Volda. Hentet fra <http://www.moreforsk.no/default.aspx?menu=931&id=662>

Dvergsdal, G., Aarseth, M. Båtevik, F.O., (2013) Regional attraktivitet – kartlegging av brukarfaringar, rapport nr 39

Finansdepartementet. (2008). Veileder. *Om etablering og forvaltning av tilskuddsordninger i staten.*

Fylkesspegele Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune. Henta frå http://www.sj.no/cmssff/cmfpublish.nsf/pages/Statistikk_og_analyse

INU-FSF. (2007). *Vedtekter.*

Isaksen, A., Karlsen, A., & Sæther, B. (2008a). *Innovasjoner i norske nærlinger: et geografisk perspektiv.* Bergen: Fagbokforl.

Kommunal- og regionaldepartementet. (2009, 2. november). *Rapportering på resultater og effekter av virkemiddelbruken over 13.50, post 60 og 61.*

Kommunal- og regionaldepartementet (2004-2011). Tilskotsbrev i perioden 2004-2011.. Statsbudsjettet Kap. 551 post 61.

Kommunal- og regionaldepartementet. (2006-2007). *Stortingsmelding nr. 12 (2006-2007). Regionale fortrinn - regional framtid.* Kommunal- og regionaldepartementet

Norges Forskningsråd (2010a). *Det norske forsknings- og innovasjonssystemet - statistikk og indikatorer.* Oslo: Norges forskningsråd.

Rye, M., (2013), Merkostnad i privat sektor i sone 1A og 4A etter omlegging av differensiert arbeidsgiveravgift – arbeidsrapport M 1301 – Møreforskning Molde AS

Statistikknett & Reiseliv – data lasta ned frå <http://statistikknett.com/>

Yttredal, E. R., Dvergsdal, G., Amdam J., (2012) Kvar trykkjer skoen? Om effektar, organisering og flaskehalsar i innovasjonsarbeidet i Sogn og Fjordane.



MØREFORSKING

MØREFORSKING VOLDA
Postboks 325, NO-6101 Volda
Telefon +47 70 07 52 00
Telefaks +47 70 07 52 01
moreforskning@moreforsk.no
www.moreforsk.no



HØGSKULEN I VOLDA

HØGSKULEN I VOLDA
Postboks 500, NO-6101 Volda
Telefon +47 70 07 50 00
Telefaks +47 70 07 50 01
postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no